





KI-notat nr.: 77/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Timbra Kraft (SUS)/ Timbra kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Gloppen	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Eirik Bjørkhaug	Sign.: 
Dato:	12 NOV 2009	
Vår ref.:	NVE 200801824-28	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Timbra kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	2
Søknad	3
Uttalelser til søknaden	4
Gloppen kommune.....	5
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM)	9
Sogn og Fjordane fylkeskommune	13
Statens vegvesen – Region vest	15
Sogn og Fjordane Energi AS (SFE).....	15
Sogn og Fjordane Turlag	17
Søkers kommentar til høringsuttalelsene og planendringer	21
Breim Bygdeutviklingslag	25
Begrenset høring – kommentarer til foreslåtte planendringer m.v.	27
Gloppen kommune.....	27
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.....	27
Sogn og Fjordane Turlag	27
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	29
Tilleggsutredninger.....	32
Sogn og Fjordane Villreinnemnd.....	33
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	35
NVEs vurdering	42
NVEs konklusjon.....	47
Merknader til konsesjonsvilkårene etter vannressursloven	48

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven til bygging av Timbra kraftverk i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane. Søknaden behandles i henhold til reglene i kapittel 3 i samme lov.

Det søkes om bygging av et småkraftverk som vil utnytte fallet i Timbervadelva fra inntak på kote 750 til kraftstasjonen på kote 405. Installert effekt er 2,5 MW med en årsproduksjon på 9,4 GWh. Det søkes om å drifte kraftverket med en minstevannføring på 50 l/s på berørt strekning. Det må etableres ny permanent vei til kraftstasjonen og en midlertidig vei for beltegående kjøretøy til inntaket. Rørgata vil bli nedgravd på hele strekningen og vil hovedsakelig følge eksisterende traktorvei. Det er på bakgrunn av uttalelser under høringsperioden lagt fram en endring i utbyggingsplanene for Timbra kraftverk og det samtidig omsøkte og nærliggende Sandalsfossen kraftverk. Dersom begge tiltakene får konsesjon søkes det å samlokalisere kraftverksaggregatene i samme kraftstasjonsbygg på kote 395. I endringsmeldingen foreslår tiltakshaver videre en minstevannføring lik 290 l/s i perioden 1. juli-31. august og 50 l/s resten av året.

Tiltakshaver for prosjektet er et selskap under stiftelse som ved en ev. konsesjon vil hete Timbra Kraft AS.

Gloppen kommune mener tiltaket kan gjennomføres under forutsetning av at en høyere minstevannføring vurderes og at det legges stor vekt på miljøtiltak og utforming og drift av inntaket. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane mener den planlagte utbyggingen er i stor konflikt med nasjonale og regionale verneverdier, landskaps- og friluftsinnteresser og at forholdet til geologi og inngrepsfrie naturområder ellers ikke er avklart. De mener konfliktene for Timbra kraftverk er noe mindre enn for Sandalsfossen kraftverk men at de negative konsekvensene likevel er såpass store at søknaden bør avslås. Sogn og Fjordane fylkeskommune mener tiltaket kan gjennomføres men at det må vurderes en noe høyere minstevannføring og at det må legges stor vekt på miljøtiltak og utforming. Statens vegvesen – Region Vest minner om at dersom det skal bygges ny avkjøring fra fylkesveien må det søkes om dette. SFE Nett AS opplyser om begrenset nettkapasitet i området og legger fram et kostnadsoverslag for oppgradering av nettet. Sogn og Fjordane Turlag mener tiltaket er særlig konfliktfylt for blant annet landskap og friluftsliv og at søknaden må avslås. Dersom det blir gitt konsesjon mener de inntaket bør flyttes samt at NVE vurderer å endre maksimal slukeevne og minstevannføring om sommeren for å få en bedre dynamikk i vassdraget. Breim Bygdeutviklingslag anbefaler at det gis konsesjon til prosjektet. Sogn og Fjordane Villreinnemnd mener det er uheldig å etablere nye tekniske inngrep i villreinområdet. De mener likevel tiltaket ikke vil få vesentlige skadevirkninger for villreinstammen i Svartebotnområdet dersom man unngår anleggsarbeid når villreinen benytter området og at det ikke anleggsveien blir åpnet for allmenn motorisert ferdsel.

Gloppen kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag har ikke endret standpunkt i saken etter de foreslåtte endringene. I tillegg har Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane uttalt seg til endringsmeldingen. De ser på inngrep i nærheten av Jostedalsbreen og summen av de mange inngrepene i områdene som den største konflikten og mener søknaden bør avslås.

Fordelene ved tiltaket knytter seg først og fremst til produksjonen av strøm og de økonomiske fordelene ved utbyggingen, herunder inntekter til produksjonsselskapet og grunneierne, samt skatteinntekter til kommunen. Utbyggingen vil også styrke det lokale næringsgrunnlaget og kan bidra til å opprettholde bosettingen i området.

NVE mener de største negative konsekvensene ved tiltaket er knyttet til landskap og friluftsliv i et område som benyttes som innfallspore til Jostedalsbreen nasjonalpark. Med tilstrekkelig minstevannføring, nedgravd rørgate og skånsomme inngrep i inntaksområdet mener vi likevel at tiltaket kan gjennomføres uten vesentlig konflikt med disse verdiene.

Dersom det tas særlig hensyn til villreinen i byggefasen og at fremtidig motorisert ferdsel begrenses til nødvendig tilsyn med inntaket og grunneiernes ferdsel, vil konflikten med villrein etter vårt syn være ubetydelig.

De mange planlagte småkraftverkene i området kan føre til negative sumvirkninger for landskap, friluftsliv og biologisk mangfold. NVE mener en bevaring av Sandalsfossen og øvre del av Strupen vil kunne sikre de viktigste verdiene i området. De negative sumvirkninger for landskap, friluftsliv og biologisk mangfold vil da være begrenset i tilstrekkelig grad til at en utbygging av Timbra kraftverk i Timbervadelva kan gjennomføres uten at de negative sumvirkningene for blir for store i et forholdsvis avgrenset område.

NVE legger vekt på at tiltaket vil, med nødvendige tilpasninger, gi ca. 8,3 GWh i ny årlig produksjon og kan bidra til å opprettholde lokal bosetting og næringsaktivitet. Samtidig er virkningene for allmenne interesser begrenset dersom det settes krav om avbøtende tiltak i konsesjonsvilkårene.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelser mener NVE at fordelene og nytten av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Timbra Kraft SUS tillatelse til å bygge Timbra kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Timbra Kraft (SUS), datert 25.7.2008:

”Fallrettseigarane ynsker å nytte vassfallet i Timbervadelva i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker herved om fylgjande løyver:

1. Etter vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:

- å byggje Timbra kraftverk

2. Etter energiloven om løyve til:

- bygging og drift av Timbra kraftverk, med koblingsanlegg og kraftliner som går fram av søknaden.”

Fra utredningen av søknaden refererer vi følgende:

Hoveddata:

TILSIG		Utbyggingsalternativet
Nedbørfelt 1	km ²	4,5
Nedbørfelt 2, felles Timbervadelva og Vesleelva	km ²	1,5
Restfelt Timbervadelva	km ²	0,25
Årlig tilsig til inntaket i Timbervadelva	mill.m ³	18,35
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	97
Middelvannføring	l/s	582
Alminnelig lavvannføring	l/s	19
5-persentil sommer (1/5-30/9)	l/s	292

5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	11
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	750
Avløp	moh.	405
Lengd på berørt elvestrekning	m	1250
Brutto fallhøyde	m	345
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,818
Slukeevne, maks	l/s	873
Slukeevne, min	l/s	44
Tilløpsrør, diameter	mm	700
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-
Tilløpsrør, lengde	m	1300
Installert effekt, maks	kW	2500
Bruktid	timer	3760
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,61
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	7,79
Produksjon, årlig middel	GWh	9,4
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	20,9
Utbyggingspris	kr/kWh	2,22
Timbervadelva kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Ytelse	kVA	2800
Spenning	kV	690
TRANSFORMATOR		
Ytelse	kVA	2800
Omsetning	kV/kV	0,69/22
NETTILKNYTNING (kabler)		
Lengde	m	800
Nominell spenning	kV	22
Jordkabel	TSLE x 1 x 25 AL	

Uttalelser til søknaden

Søknaden har vært kunngjort i pressen og lagt ut til offentlig ettersyn i Gloppen kommune. Videre er søknaden sendt på høring til kommunen, berørte statlige forvaltningsorganer og interesseorganisasjoner. I forbindelse med sluttbehandlingen av saken har NVE vært på befaringsammen med representanter fra Gloppen kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Midtre Nordfjord Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Breim Bygdeutviklingslag, representanter fra Timbra Kraft (SUS), representanter fra Sandalsfossen Kraft (SUS) og konsulent fra Sogn og Fjordane Energi. NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Gloppen kommune har vedtatt følgende i kommunestyret den 29.9.2008:

”Vi viser til konsesjonssøknadene for Sandalsfossen kraftverk og Timbra kraftverk. Gloppen kommunestyre vedtok på møtet 29. september følgjande uttale til søknadene:

- 1. Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga, og har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjonsløyve for Sandalsfossen kraftverk. Kommunestyret gjev også dispensasjon frå byggeforbodet i LNF-området i kommuneplanen.*
- 2. Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga, og har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjonsløyve for Timbra kraftverk. Kommunestyret gjev også dispensasjon frå byggeforbodet i LNF-området i kommuneplanen.*
- 3. Gloppen kommunestyre meiner fordelane ved dei omsøkte tiltaka er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser. Det bør likevel vurderast høgare minstevassføring enn det som er skissert i begge konsesjonssøknadene. Området er innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark. Det må difor leggast stor vekt på miljøtiltak og utforming dersom løyve vert gjeve, og eit vilkår for vedtaket er at drift av inntaka vert utført på ein skånsam måte.*

Utskrift av møteboka ligg ved til orientering.”

Vi refererer følgende fra rådmannens innstilling:

...

”Rådmannen vel å ta kraftprosjekta opp i ei sak, då dei ligg i det same området. I kommuneplanen er områda avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde, og løyve til utbygging krev dispensasjon frå kommuneplanen.

Saksutgreiing:

Utbyggingsområda ligg i Myklebustdalen, mellom hhv. Sandalsstøylen, Fossheimstøylen og inntaket for Sandal og Fossheim kraftverk (sjå vedlagt kart).”

[...]

”Timbra kraftverk

Timbervadelva er ei sideelv til Sandalselva som får sitt tilsig frå ein del av Myklebustbreen og fjellområdet rundt Fossheimstøylen. Om lag halvparten av nedbørsfeltet er bre. Medel årsavløp frå det 6 km² store feltet er om lag 0,6 m³/sek rekna ved det planlagde inntaket. Utbygginga medfører ingen reguleringar eller overføringar frå andre vassdrag. Inntaket til kraftverket er plassert på kote 750, om lag 230 meter sør for støylen. Her blir bygd ein om lag 12 meter lang og 2-3 meter høg lausmasseterskel over elva. Vatnet blir ført via ein 10-15 meter lang og 6-8 meter brei kanal til inntaket der det blir støypt ein inntakskonstruksjon. Oppdemminga vil gi eit inntaksbasseng på om lag 0,5 dekar.

Frå inntaket vert vatnet ført ned til kraftstasjonen gjennom eit 1250 meter langt tilløpsrøyr med diameter 0,7 meter som skal gravast ned heile vegen. Dei første 300 m ligg røyrtraseen på snauffjellet. Vidare går traseen i bratt terreng med lausvass, og følgjer dels eksisterande støylsveg. Enkelte parti må det sprengjast. Det er planlagt ein mellombels anleggsveg på om lag 100 meter frå støylsvegen fram til inntaket. Der røyrtraseen ikkje følgjer støylsvegen vil det bli bygd om lag 750 meter anleggsveg i traseen. Anleggsvegane vil bli fjerna og tilbakeført til naturleg tilstand etter utbygginga.

Kraftstasjonen vert plassert ved elva på kote 405 der Timbervadelva har sitt utløp i Sandalselva. Kraftstasjonshuset får eit areal på ca 60-80 m² og blir enkelt utforma med torvtak og veggjar utvendig kledd med trepanel. Nedste 200 meter av røyrgata blir permanent veg til kraftstasjonen.

Kraftstasjonen er planlagt med ein Pelton turbin med effekt opp til 2,5 MW og maks slukeevne mellom 44 l/s og 873 l/s. Dette vil gi ein berekna årsproduksjon på 9,4 GWh fordelt på 1,6 GWh vinter- og 7,8 GWh sommarkraft. Samla utbyggingskostnad er 21 mill., eller 2,22 kr/kWh. Kraftverket vert knytt til det eksisterande 22 kV nettet med først ein 100 m lang luftkabel frå kraftstasjonen over Sandalselva og vidare med ein 700 m lang jordkabel fram til eksisterande kraftstasjon ved Sandalselva. Eksisterande 22 kV linje har ikkje kapasitet til å ta i mot utbygginga, men oppgradering av nettet er starta. Anleggstilskot er lagt inn i utbyggingskostnadene.

Kraftverket blir køyrd med konstant vasstand i inntaket og vil utnytte tilsiget til elva til ei kvar tid utan noko form for utjamning eller regulering. Medelvassføringa er berekna til 582 l/s, og kraftverket sin slukeevne er altså 150 % av medelvassføringa. Alminneleg lågvassføring er berekna til 19 l/s foreslått minstevassføring på 50 l/s. I sommarsesongen (01.05- 31.09) vil vassføringa i elva eit normalår vere større enn kraftverket si slukeevne om lag 55 % av tida. Resten av tida vil her anten gå minstevassføring i elva eller kraftverket vil stå dersom vassføringa er lita nok. Om vinteren vil det stort sett vere minstevassføring i elva eller naturleg vassføring på grunn av at kraftverket ikkje er i drift.

Utbyggingsområdet har ikkje særskilt høg verdi for biologisk mangfald, det er ikkje påvist raudlisteartar i eller i nærleiken av utbyggingsområdet. Samla vurdering av tiltaket med omsyn på verdi og omfang er "små negative verdiendringar".

Endringar i vassstemperatur, isforhold, lokalklima, grunnvatn, vasskvalitet, resipientforhold, flaum, erosjon, flora, fauna, fisk og ferskvassbiologi, jakt og fiskeinteresser vert vurdert som marginale.

Det er ikkje kjende kulturminne i utbyggingsområdet. Utbyggar meiner Fossheimstøylen ikkje vert påverka av utbygginga. Permanente inngrep i landbruksareal er små.

Området er mykje brukt til friluftsliv. Inntak og kraftstasjon vil vere delvis skjult av terrenget og ikkje ligge opent til for innsyn. Elvestrekninga er open for innsyn, men stor restvassføring og minstevassføring vil bidra til å oppretthalde det visuelle inntrykket av elva.

Terrenginngrepa i samband med utbygginga vil i ein periode ha negativ innverknad på landskapet. Men søkjar meiner dei tekniske anlegga utbygginga medfører vil vere små og avgrensa, og ha liten innverknad på natur og landskap.

Kraftutbygginga medfører i teorien tap av om lag 1,5- 2 km² inngrepsfrie naturområde (INON). Søkjar peiker på at kart som viser INON-område ikkje er oppdatert etter 2003, og at det reelt sett er støylsvegen som har ført til denne reduksjonen.

Det er fallrettseigarane på Fossheim som står bak utbyggingsplanane.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnyttat
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernestriksjonar på.

Dei fleste av desse punkta er behandla i konsesjonssøknaden, og noko er referert i saksutgreiinga. For oversikten si skuld vil eg lage ei samla oppstilling.

Visuelt inntrykk etter utbygginga

Vassføringa blir redusert, men truleg ikkje verre enn at det bør gå an å leve med. Rådmannen er meir skeptisk til anleggsarbeida sin verknad på landskapet. Terrenget her er dels svært bratt, og når ein kjem opp på kanten er det snau fjell som er godt synleg frå relativt store fjellområde. Det er i søknadene hevda at støylsområda ikkje blir påverka av utbygginga. Rådmannen vil hevde det motsette, og stiller spørsmål ved om tiltaka (først og fremst inntaket for Timbra kraftverk) er i samsvar med vedtekne retningslinjer for forvaltning av støylsområde. (Sitat: Vernegrense for andre byggetiltak nær støylsområde vert normalt sett til 100 meter. Denne grensa kan fråvikast både oppover og nedover der topografi eller andre særskilde tilhøve tilseier det.) Inntaket for Timbra kraftverk ligg over 200 meter frå støylen, men her er ikkje vegetasjon eller terreng som skjermar inntaksområdet visuelt frå støylen. Inntaket for Sandalsfossen kraftverk er i større grad plassert visuelt skjerna frå Sandalsstøylen.

I delar av utbyggingsområda er det grunn til å tru at det vil gå svært lang tid før naturleg vegetasjon er reetablert og spora etter anleggsarbeidet er sletta. Det er også grunn til å stille spørsmål ved om ein driftsfase utan permanent tilkomst til inntaksområdet vil bli tilfredsstillande og fungere i praksis. Eg er også uroa over kva terrenginngrep dei terrenggåande maskinene til inntaket for Sandalsfossen kraftverk eigentleg vil gi. Rådmannen meiner tilsyn med og vedlikehald av inntaksområda ikkje er tilfredsstillande utgreidd i søknaden.

Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Utbyggingane vil ikkje ha innverknad på resipient, flaum, vassverk eller liknande. Det vil kunne ha ein marginal positiv effekt på skogsdrift, ved noko forlenging av skogsvegar i området. Elles inneber utbygginga sjølvstøtt, slik søkjar peiker på, ei inntektskjelde for grunneigarane. Om dette vil verke positivt eller negativt for det tradisjonelle landbruket er heilt avhengig av korleis grunneigarane vel å bruke desse inntektene.

Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)

Pr. i dag er her ikkje mykje anna næringsverksemd i Myklebustdalen. Utbygging av vasskraft gir inntekter som kan brukast til å skape ny næring eller vidareutvikle eksisterande. Naturinngrep kan verke negativt inn på friluftsliv og dermed på turisme. Det er vanskeleg i dag å sjå at dette punktet kan få avgjerande betydning for eller imot utbyggingsplanane.

Naturinngrep ved utbygging

Dette punktet heng nødvendigvis nøye saman med det som er sagt om visuelt inntrykk etter utbygginga. I tillegg kjem det problemet at utbyggingane reduserer såkalla inngrepsfrie naturområde, som er ein ressurs det er i nasjonal interesse å ta vare på. Det vert frå søkjar argumentert med at støylsvegen alt er bygd, og at det er denne som i størst grad har redusert INON-område. Rådmannen er dels samd i dette, og registrerer at fylkesmannen si miljøvernavdeling ikkje sende merknad til vegsøknaden i 1999. Ei mogleg forklaring på dette er at det i søknaden er kryssa av for at tiltaket ikkje fører til reduksjon av inngrepsfrie område.

Støylsvegen til Fossheimstøylen var først bygd opp på kanten og avslutta med snuplass på sørsida av Timbervadelva (om lag 320 meter frå støylen) der den visuelt var avskjerma frå støylen og fjellområdet elles av ein stor stein. Det er dette tiltaket det er gitt løyve til, sjølv om ein i søknaden frå 1999 opererer med ein avstand til støylen på 400 meter. Vegen er bygd for å få betre tilkomst til dei store beiteområda ved støylen, og for å tene som skogsveg for areala i lia. I det siste er vegen forlenga med bru over elva og enkel traktorveg vidare nesten fram til Fossheimstøylen. Rådmannen kan ikkje sjå at det er søkt om løyve til dette siste tiltaket.

Den samla utbygging i området

Kommunestyret har ikkje klart definert kva dette punktet inneber, men sidan samla utbygging skal vurderast, betyr det vel også at det kan bli for mykje utbygging i eit område. Her er frå før kraftutbygging i Sandalselva. Rådmannen har ikkje noko klart svar på om to nye utbyggingar i same elva gjer at samla utbygging i området blir for stor. Eg meiner det vil vere meir avhengig av kva slags utbyggingar ein snakkar om og kva for inngrep dei inneber. Likevel er det vel grunn til å tru at tre kraftverk i samtlege elvar i kommunen der det er potensiale for ei slik utnytting vil kunne bli oppfatta som i meste laget.

Kraftlineføring

Utbyggingane inneber behov for oppgradering av linjenettet som kommunen pr. i dag ikkje har full oversikt over. Det er likevel ikkje grunn til å tru at dette isolert sett skulle hindre utbyggingsplanane.

Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta

Rådmannen meiner det, dersom vassdraga skal byggast ut, er lagt opp til ei fornuftig utnytting som ikkje i for stor grad øydelegg opplevingsverdien av vassdraga.

Økonomi og eigarskap

Prosjekta er ikkje av dei aller gunstigaste, men utbyggingskostnader på hhv. 1,85 og 2,22 kr/kWh er lønsame investeringar. Rådmannen meiner også det er positivt at det er grunneigarane og ikkje selskap utanfrå som vil stå for utbygging og drift.

Oppsummering

Ved søknad om konsesjon for utbygging av Sandalsfossen og Timbervadelva meiner rådmannen grensa for kva kommunen bør gå inn for og likevel hevde å ha ei forsvarleg naturforvaltning er nådd. Her blir, slik eg ser det, gått over nokre viktige prinsipielle grenser ved desse søknadene. For Sandalsfossen er det utbygging av det profilerte landskapselementet som eg meiner er prinsipielt uheldig, sjølv om utbygginga slik den er presentert synest å vere skånsam. For Timbra er det først og fremst utbygging på snauffjellet nær støylen og mykje brukte turområde eg meiner inneber ei vesentleg endring i forhold til andre utbyggingsprosjekt det er gitt løyve til. Det gjer heller ikkje denne saka betre at resten av utbygginga er i vanskeleg terreng der

inngrepet vil vere godt synleg i lang tid. Kommunen har i utgangspunktet ein positiv haldning til kraftutbygging, og meiner dette både kan styrke næringsliv og busetjing og gi positivt bidrag til kommuneøkonomien. Men vi skal også ta andre omsyn, og i desse to sakene meiner eg omsynet til natur og friluftsliv må vege tyngst.

Dersom kommunestyret skulle vere av ei anna oppfatning og ønskjer å gi konsesjon, meiner eg saka bør utsetjast for å få på plass ei nærare utgreiing om vedlikehald og tilsyn med inntaksområda. Eg meiner her er grunn til å presisere at lov om motorferdsel i utmark gjeld for heile dette området. All motorisert bruk av støylsvegen som ikkje er knytt til skogsdrift eller husdyrhald er forbode med mindre det er gitt særskilt løyve, jfr. lova sin § 2 tredje avsnitt og §4e sitert nedanfor:

Veg i utmark som ikke er opparbeidd for kjøring med bil, anses i denne lov som utmark. Det samme gjelder opparbeidd veg som ikke er brøytet for kjøring med bil.

Uten hinder av § 3 er motorferdsel tillatt i forbindelse med:

c) nødvendig person- og godstransport til og fra faste bosteder og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og bærsanking reknes ikke som næring i denne forbindelse,

På grunn av dagens bruk av støylsvegen, dei tiltak som er gjennomført utan løyve og manglande utgreiing i søknadene, meiner eg det er grunn til å stille spørsmål ved om forholdet til lov om motorferdsel i utmark i ei driftsfase er skikkeleg gjennomtenkt frå søkjar si side.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre gir ikkje dispensasjon frå byggeforbodet i LNF-området i kommuneplanen for bygging av Sandalsfossen kraftverk og Timbra kraftverk. Omsynet til natur og friluftsliv er viktigare enn dei positive effektane utbygginga kan ha for samfunnet, og det ligg då ikkje føre særlege grunnar for dispensasjon slik plan- og bygningslova § 7 krev.

Kommunestyret meiner då også at det ikkje er grunnlag for å gi konsesjon til utbyggingsplanane.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM) uttaler følgende i brev av 12.12.2008:

”Sandalselva, Breimsvassdraget (087.Z), Gloppen kommune – søknad om løyve til å byggje Timbra kraftverk

Vi viser til oversending datert 07.08.2008 og synfaring 23.09.2008.

Tilråding

Fylkesmannen meiner at bygging av Timbra kraftverk er i stor konflikt med allmenne interesser. Fordelane ved vasskraftutbygginga vil ikkje vege opp for dei negative konsekvensane for nasjonale og regionale interesser knytt til Timbervadelva og det aktuelle influensområdet. Fylkesmannen vil rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Timbra kraftverk ut i frå føreliggjande planar.

Bakgrunn

Det er søkt om løyve til å byggje eit småkraftverk (2,5 MW) i Timbervadelva. Dette er ei sideelv til Sandalselva som renn ut i Sandalsvatnet i Myklebustdalen i Gloppen kommune. Nedbørsfeltet er på 6 km², middelvassføringa er på 0,582 m³/s og maks slukeevne er planlagt til 0,873 m³/s. Alminneleg lågvassføring er rekna til 11 l/s, 5-persentil sommar/vinter er rekna til 292/11 l/s.

Inntaket er planlagt på kote 750 og avlaup på kote 405 (fallhøgde 345 m). Elvestrekning med fråført vatn blir ca 1230 m. Røyrgata (1300 m) skal gravast ned på heile strekninga og kraftstasjonen skal knytast til nettet med 100 m hengekabel over elva og vidare 700 m jordkabel til eksisterande kraftstasjon i Sandalselva. Søkjar planlegg mellombels anleggsveg i delar av røyrgatetraseen og fram til inntaket (100 m), og ny permanent veg (200 m) til kraftstasjonen. Det er rekna med ein middels årsproduksjon på 9,4 GWh. Utbygginga er planlagt med ei minstevassføring heile året på 50 l/s.

Grunneigarane som står bak søknaden om utbygging er også med på Sandal og Fosshheim kraftverk (kote 395-330) som vart bygd ut for nokre år sidan.

På synfaringa vart det opplyst at det også vert vurdert å samle kraftverka for Timbra og Sandalsfossen i eitt hus.

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere saka i høve til allmenne interesser. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfri område (INON)

Delar av den planlagt utbygde elvestrekka er synleg både frå hovudvegen (Europaveg 39 på Re), vegen opp til Myklebustdalen langs Sandalsvatnet (Fylkesveg 693) og lokalt inne i dalen der inngrepa ev. vil skje. Lokalt vil nok likevel Sandalsfossen trekkje til seg meir merksemd. Utbygginga vil gje markert mindre vassføring i elva, og 50 l/s er lite i høve til å oppretthalde landskapsverdiar. Om sommaren vert det ein del overløp, men utanom flaumtoppar mykje mindre enn vanleg, jf. for eksempel kurvane for eit middels år (fig. 14 i søknaden).

Inntaksarrangementet med tilkomstveg og øvre delar av røyrgate vil ligge i eit område prega av høgffjellsnatur. Område over skoggrensa på platået inn mot Svartebotn og Myklebustbreen er eit svært flott område med blant anna kvartærgeologiske verneverdige førekomstar av nasjonal verdi, jf. Kvartærgeologisk verneverdige førekomstar og område i Sogn og Fjordane, Utredning for DN, Nr. 1994-9 (jf. vedlegg) og Fylkesatlas

(http://www.fylkesatlas.no/advanced_default.aspx?minX=45465&minY=6863911&maxX=70228&maxY=6886850&layerId=145&mapService=0&mapCategory=Kategori&lang=nynor).

Svartebotnområdet vart teke ut av framlegget til nasjonalpark etter førebels høyring etter framlegg frå Gloppen kommune. Både i St.melding nr. 25 (1987-88) "Om nasjonalpark i Jostedalsbreområdet" og i føredraget til Kgl. res. om nasjonalparken, vert det vist til kommunen sitt ansvar for å ta vare på området gjennom sitt planarbeid. I føredraget til Kgl. res. vert det vist til at ei utviding av nasjonalparken må vurderast i Svartebotnområdet, dersom ikkje verneverdiane let seg sikre tilstrekkeleg i kommunal regi. Fylkesmannen vurderer at utbygging av Timbra kraftverk kjem i konflikt med å ivareta verneverdiane i Svartebotnområdet. Dersom ein går vidare med planane bør det gjerast ei geologifagleg vurdering av konsekvensar for kvartærgeologiske verneverdige førekomstar i området.

Området frå om lag skoggrensa og oppover/innover til Svartebotn er registrert som regionalt viktig i FRIDA (register over friluftsområde i Sogn og Fjordane;

http://www.fylkesatlas.no/advanced_default.aspx?minX=51029&minY=6863815&maxX=70803&maxY=6882132&layerId=8,283&mapService=0&mapCategory=Kategori&lang=nynor).

Dette omfattar både Sandal- og Fosshheimstøylen, dvs. noko meir enn det som er vist i

fylkesdelplan for arealbruk. I fylkesdelplan for arealbruk er det vist eit stort samanhengande område som omfattar Utvikfjellet—Svartebotn (nr. 71) og Myklebustbreen (nr. 72). Området er regionalt verdifullt for friluftsliv både sommar og vinter, og heng saman med/er inkludert i Jostedalsbreen nasjonalpark. Jostedalsbreen (nr. 19) er eit nasjonalt verdifullt friluftsområde. Sandal/Fossheim er eit turutgangspunkt for området, og stien opp forbi Fossheimstølen og med god utsikt til Sandalsfossen er den mest brukte innfallsporten til Jostedalsbreen nasjonalpark i Gloppen kommune. Det er løyvd statlege midlar for å sikre parkeringsplass nede ved fylkesvegen. Timbervadelva har sitt opphav frå Myklebustbreen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Frittrennande vatn er eit karaktertrekk og særmerke ved brenære område. Ved å bygge ut Timbervadelva, som er eit svært viktig landskapselement langs stien inn til breen, går denne nære koplinga og forståinga av samanhengen mellom rennande vatn og bre tapt. Når det gjeld friluftsiinteresser viser vi elles til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag.

Reduksjon av INON må talfestast. Utrekninga må ta utgangspunkt i INON-status ut i frå lovlege tyngre tekniske inngrep, dvs, den delen av skogsvegen som er lovleg bygd, jf. uttale frå kommunen. Det er svært uheldig at den bygde stølsvegen har ført til at godt som heile kjernen med villmarksprega natur i dette området har gått tapt, og at det er blir meir motorisert ferdsel opp på platået/fjellet. Alle nye inngrep med vegbygging, inntakskonstruksjonar/-dam og fråføring av vatn frå vassdraget vil vere negativt for dette fjellområdet.

Naturmiljø og biologisk mangfald

Biologisk mangfaldkartlegging er utført av Bioreg AS, og naturfagleg undersøking vart utført av Finn Oldervik og Karl Johan Grimstad 08.08.2007. Det er ikkje registrert raudlista artar eller sjeldne og verdifulle naturtypar i utbyggings-/influensområdet, og med bakgrunn i fråver av signalartar osv, er det heller ikkje sannsynleg at slik skal finnast når det gjeld for eksempel mose og lav. Fossekall vart observert på næringsløp i elva. Botndyrfauna er ikkje undersøkt.

Utbyggingsområdet ligg i Svartebotn villreinområde, med eit bestandsmål på 50 dyr. Det har vore jakt i området i år. Vi er usikre på i kva grad ei utbygging vil uroe reinen. Truleg er det området over skoggrensa som er viktigast, og då som beiteområde.

Fisk og fiske

Det er lite fiskeinteresser knytt til den delen av elva som er omsøkt utbygd.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

Kraftstasjonen blir ev. ikkje liggande i nærleiken av bustader, men i eit utmarksområde med friluftsiinteresser. Det må takast omsyn til ytre omgjevnader når det gjeld støy. Dersom det vert gjeve løyve til bygging av Timbra kraftverk føreset vi at det gjennom detaljprosjektering vert gjort støydempande tiltak.

Landbruk

Utbygginga har små negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Plan og bygningslova

Vi har etter førespurnad til NVE fått oversendt Gloppen kommune si handsaming av søknaden. Gloppen kommunestyre har i melding om vedtak, datert 03.10.2008, ikkje innvendingar mot at det vert gjeve løyve til Sandalsfossen kraftverk. Kommunestyret har samtidig gjeve dispensasjon frå byggjeforbodet i LNF-området til kommuneplanen. Om det ligg føre særlege grunnar som tilseier at det kan gjevast dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen for bygging av nødvendige installasjonar og anlegg knytt til kraftverket, vil først vere klart etter at konsesjonssaka er ferdig handsama. Dette er ei sak der det ikkje er opplagt at det vert gjeve konsesjon, jf. innstillinga frå rådmannen og vår tilråding i dette brevet. Handsaminga av dispensasjonssaka burde altså først vore aktuell viss det vert gjeve konsesjon for kraftverket. Vi kan ikkje sjå at Fylkesmannen har fått dispensasjonssaka på høyring slik plan- og bygningslova §7 tilseier.

Tilråding

Fylkesmannen oppsummerar at den planlagde vasskraftutbygginga er i stor konflikt med nasjonale og regionale verneverdiar, landskaps- og friluftsiinteresser. Forhold til geologi og INON er elles ikkje avklara. Vi vurderar at konfliktane er noko mindre enn for Sandalsfossen kraftverk, men det er likevel såpass store negative konsekvensar at vi vil rå i frå denne utbygginga.

Fylkesmannen meiner at bygging av Timbra kraftverk er i stor konflikt med allmenne interesser. Fordelane ved vasskraftutbygginga vil ikkje vege opp for dei negative konsekvensane for nasjonale og regionale interesser knytt til Timbervadelva og det aktuelle influensområdet. Fylkesmannen vil rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Timbra kraftverk ut i frå føreliggjande planar.

Vi viser elles til fråsegn om Sandalsfossen kraftverk.”

FM har også lagt ved et utdrag fra Kvartærgeologisk verneverdige forekomster i område i Sogn og Fjordane, Utredning for DN Nr. 1994-9.

NVE har mottatt kopi av FMs vedtak av 22.12.2008 om oppheving av **Gloppen kommunes** vedtak om dispensasjon fra LNF-formålet. Vi refererer følgende:

”Gloppen kommune- oppheving av vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet- Sandalsfossen og Timbra kraftverk

Fylkesmannen har i oversending frå NVE den 4. desember 2008 fått orientering om Gloppen kommune si fråsegn til søknad om konsesjon for to kraftverk, Sandsalsfossen og Timbra.

I saksdokumenta går det fram at Gloppen kommunestyre i sak 102/08 har gjort følgjande vedtak:

”

- 1. Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga, og har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjonsløyve for Sandalsfossen kraftverk. Kommunestyret gjev også dispensasjon frå byggjeforbodet i LNF-området i kommuneplanen.*
- 2. Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga, og har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjonsløyve for Timbra kraftverk. Kommunestyret gjev også dispensasjon frå byggjeforbodet i LNF-området i kommuneplanen.”*

Vedtaket bygger på innstilling frå formannskapet. Rådmannen hadde i sitt forslag til vedtak gått inn for at kommunen ikkje skulle gje dispensasjon.

Oppsummering

Det ligg føre vesentlege sakshandsamingsfeil når det gjeld dispensasjonsvedtaket. Fylkesmannen har funne at vedtaket er ugyldig og opphevar det. Kommunen må ta saka om dispensasjon opp til ny handsaming i tråd med dei sakshandsamingsreglar som gjeld og i rett organ (planutvalet).

Fylkesmannen ser slik på saka:

Etter plan- og bygningslova § 7 skal fylkeskommunen og statlege myndigheiter som er ansvarlege for eit saksområde som blir direkte berørt, vere gitt høve til å uttale seg før dispensasjon blir gitt.

Spørsmålet om dispensasjon frå LNF-formålet har ikkje vore oversendt til Fylkesmannen eller Sogn og Fjordane fylkeskommune for høyring slik det etter lova skal. Så vidt vi veit, ligg det heller ikkje føre ein søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova. Vedtaket er etter dette blitt til med vesentlege sakshandsamingsfeil. Feilen kan etter vår vurdering ha virka inn på innhaldet i vedtaket og det er derfor ugyldig, jf. forvl. § 41.

I tillegg kjem det at den rettslege kompetansen til å dispensere frå arealdelen i kommuneplanen er lagt direkte til det faste utvalet for plansaker med mindre anna er bestemt i planen. I arealdelen i kommuneplan for Gloppen er myndigheiten til å dispensere ikkje særskilt lagt til kommunestyret. Kommunestyret har altså ikkje høve til å handsame saker om dispensasjon frå arealdelen. Vedtaket er såleis gjort av eit organ som ikkje har rettsleg kompetanse til å gjere vedtaket. Vedtaket er derfor også på denne bakgrunnen ugyldig. Fylkesmannen kan som klageinstans på området i medhald av forvaltningslova § 35, 2. ledd oppheve vedtaket dersom det er ugyldig, jf. forvl. § 35, 1. ledd bokstav c. Fylkesmannen meiner vedtaka om dispensasjon er så klart ugyldige at det er grunn til å oppheve vedtaka slik at kommunen må ta sakene opp att til eventuell ny handsaming i tråd med sakshandsamingsreglane på området.

Vedtak

Fylkesmannen opphevar Gloppen kommunestyre sitt vedtak i sak 102/08 om dispensasjon frå LNF-formålet i arealdelen i kommuneplanen for bygging av Sandalsfossen kraftverk og Timbra kraftverk.

Vedtak om oppheving er enkeltvedtak som kan påklagast til Miljøverndepartementet innan 3 veker frå melding om vedtaket kom fram, jf. forvl. § 28 og § 29. Ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fattet følgende vedtak i fylkesutvalget 26.11.2008:

”

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene. Kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.

2. *Det må vurderast noko høgare minstevassføring enn det som er skissert i konsesjonssøknaden. Området er innfallsport til Jostedalsbreen Nasjonalpark, og må derfor leggest stor vekt på miljøtiltak og utforming dersom konsesjon vert gjeven.”*

Vi refererer følgende fra saksutredningen:

[...]

”FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 9,4 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper er knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdam, rørgate, kraftverksbygning, kabeltrase, vegbygging) og redusert vassføring i Timbervadelva.

Automatisk freda kulturminne

Fylkesrådmannen kjenner ikkje til registrerte automatisk freda kulturminne innafor områda som blir råka av planlagde tiltak, men gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde ifrå dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. Lov om Kulturminne § 8, 2. ledd. Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, frå etter år 1537, blir råka av planlagde tiltak, så må tiltaka justerast slik at kulturminna kan bli tekne vare på.

Kulturminne frå nyare tid

Gamle ræser og vegar er å sjå på som viktige kulturminne og landskapselement. I den grad det er mogeleg, må det under utbygginga ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar, bakkereiner eller andre synlege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Ut i frå søknaden, skal rørgata gravast ned i terrenget. For å få minst mogeleg synlege spor i kulturlandskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden til overdekking på grøftene. Eventuell overskotsmasse frå nedgraving av rørgata, må plasserast på ein slik måte at det vert lite synleg i terrenget og med naturleg vegetasjon som overdekking.

Samla vurdering

I søknaden er det ikkje vurdert alternativ plassering av inntaket og heller ikkje alternative minstevassføringar. Difor er det vanskeleg å komme med konkret forslag til nye avbøtande tiltak. Fylkesrådmannen meiner at det av omsyn til landskap og friluftsliv må vurderast avbøtande tiltak som flytting av inntaket eit stykke nedover elva, minstevassføring om sommaren i storleik om lag som femte lågaste vassføring, 290 liter/sek og/eller redusert slukeevne i kraftstasjonen.

Fylkesrådmannen ser m.a. problematikken med utbyggingstiltak i sårbart og ope terreng i høgde med Fossheimstølen som omtalt i Gloppen kommune si saksutgreiing og høyringsuttalen frå Sogn og Fjordane Turlag. Elvestrekninga der inntaket er foreslått er godt synleg frå området rundt og elva er eit viktig landskapselement. Fylkesrådmannen meiner det må stillast spesielt strenge krav til opprydding og tilbakeføring av terrenget ved inntaket og øvre deler av rørgata.

KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.

Av omsyn til landskap og friluftsliv må det gjerast meir omfattande avbøtande tiltak enn det som er foreslått i søknaden. Flytting av inntaket nedover elva, større minstevassføring om sommaren og/eller redusert slukeevne, bør vurderast. I anleggsfasen må det leggjast stor vekt på moderate inngrep og opprydding i etterkant ved inntaksområdet og ved legging av rørgata, spesielt i øvre deler av terrenget.”

Statens vegvesen – Region vest uttaler følgende i brev av 18.8.2008:

”Statens vegvesen har følgjande merknad i saka:

I mottatte saksdokument kjem det ikkje fram om det skal etablerast ny avkøyrsløse frå fylkesveg 693.

Statens vegvesen minner om at ikkje er høve til å byggja avkøyrsløse før Statens vegvesen har gitt eit positivt vedtak etter § 40 i veglova. Det må søkjast om å byggje ny avkøyrsløse frå fv. 693. Avkøyrsløse skal godkjennast før bruk, dvs, at dersom arbeid med bygging av kraftverket treng avkøyrsløse, skal det som her er nemnt føre vere utført.

Elles ingen merknader.”

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) uttaler følgende i brev av 22.9.2008:

”Vi viser til mottatt brev av 06.08.2008 med vedlagt konsesjonssøknad for Timbra kraftverk i Gloppen kommune.

SFE Nett er netteigar og har områdekonsesjon der Timbra kraftverk er planlagt å kome. Frå før er det bygt eit kraftverk, Sandal & Fossheim kraftverk, på ca 3 MW i området og det er begrensa restkapasitet i nettet, og ikkje nok til Timbra kraftverk utan å gjere tiltak i nettet.

Vi ser at det i det aktuelle området er fleire kraftverk som har søkt konsesjon og ventar på å få søknaden handsama hos NVE.

Vi har sett på kva som vert konsekvensane for den delen av nettet som Timbra kraftverk vil bli tilknytta når ein legg til grunn ein samla ny produksjon av dei kraftverka som er konsesjonssøkt.

For å kalkulere Timbra kraftverk sin del av desse kostnadene, har vi teke utgangspunkt i den mogelege produksjonen som kan gjere seg nytte av denne investeringa og sett på kor stor del Timbra kraftverk sin produksjon utgjør av dette. Det er den installerte effekten som vil vere dimensjonerande for nettet og vi har lagt effekt (ikkje energi) til grunn ved kostnadsfordelinga. I tillegg ser ein på kva linjestrekningar kvart kraftverk gjer seg nytte av. Ut frå eit sannsynleg scenario av omfanget av ny produksjon, har vi gjort eit førebels overslag over kostnader og fordeling av desse.

Vi har sett på eit scenario for utbygging som vist i tabell nedanfor. Det vil her vere nødvendig med forsterkning av eksisterande 22 kV linje mellom Reed og tilkoplingspunktet for Timbra kraftverk.

Transformorkapasiteten 66/22 kV på Reed er blitt auka nyleg for å kunne ta imot ny kraftproduksjon, som har vore venta i området. Kostnadene med dette blir fordelt på dei kraftverka som vil gjere seg nytte av den auka transformeringskapasiteten. Dette gjeld både

kraftverk som er lista opp nedanfor og andre kraftverk, som vil mate inn på andre 22 kV linjer mot stasjonen på Reed.

I dei totale transformeringskostnadene, som er større enn summen nedanfor, vil også andre nye kraftverk under Reed transformatorstasjon, t.d. på Byrkjelo, i Årdal, i Kandal, i Våtedalen med fleire måtte delta. Etter at ei slik nettforsterkning er gjennomført, vil ein ha eit fornya nett som har lengre restlevetid enn det elles ville ha hatt, og SFE Nett har allereie teke sin del av kostnadene ut frå noverdien av det ein har spart i framtidige kostnader.

SFE Nett vil også dekke ein del av investeringskostnadene for linjeforsterking tilsvarende noverdien av det ein sparer i framtidige reinvesteringar. Verdien av dette framgår som SFE Nett sin andel av investeringskostnadene i tabellen. Resten av investeringskostnadene vert delt på alle kraftverk som ønskjer nettilkopling.

Kostnadsfordeling mellom kraftverk i området Myklebustdalen framgår av tabellen under.

Kraftverk	Auka		Linje		Kabel		Totalt
	Installasjon	kapasitet	Myklebustdalen-	Linje Sandal-	Bjørnarheimsura-	Reed	
	(MW)		Sandal	Bjørnarheimsura	Reed		
SFE Nett I			671	507	0		1177
Strupen	6,9	1449	1673	973	2094		6189
Daleelva	2,4	504	582	338	729		2153
Sandalsfossen	5	1050		705	1518		3273
Timbra	2,6	546		367	789		1702
Sum	16,9	3549	2925	2890	5130		14494

Kostnader er angitt i 1000 kr. Tala ovanfor må sjåast på som eit kostnadsestimat.

I søknaden for Timbra kraftverk er oppgitt ein installert effekt på 2,5 MW. Ved dette alternativet vert utrekna anleggstilskot for kraftverket tilsvarende marginalt lavare enn det som framgår av tabellen over.

Føresetnadene for kalkulasjonen vil kunne endre seg fram til tidspunkt for endeleg avgjerd om nettilkopling. Mellom anna vil endringar i antal kraftverk og installert effekt i dei ymse kraftverka gje tilsvarende endringar i kostnadsfordelinga mellom dei.

Dersom utbyggingsomfanget vert mindre enn skissert her, vil ein kunne spare ein del av investeringane, men samtidig vert det mindre installert effekt å dele kostnadene på. Kva utslag det gir for dei kraftverka som vert gjev for dei kraftverka som vert realiserte, må sjåast på når utbyggingsomfanget er klarlagt.

I tillegg til nettforsterking som nemnt, må kvart kraftverk ha si separate avgreining frå SFE sitt nett, med høgspennt brytaranlegg og transformator. Dette vil vere kraftverket sin eigedom og er ikkje med i kostnadsoverslaget over.

Før ein set i gang ei nettforsterkning som nemnt, må ein ha på plass avtalar mellom SFE Nett og dei kraftverka som vil reservere seg kapasitet i nettet. I den grad SFE Nett tek på seg å forskottere nettforsterkning, må ein ha høve til å kreve inn forholdsvis andel av kostnadene frå eventuelt framtidige produsentar som ønskjer nettilknytning. Bygging av nye kraftverk må ikkje starte før det er oppretta nettleigekontrakt mellom SFE Nett og utbyggjar.

Vi vonar med dette å ha gitt den nettinformasjonen som trengst for handsaming av konsesjonssøknaden.

Dersom De har spørsmål, reknar vi med at De tek kontakt.”

Sogn og Fjordane Turlag har gitt uttalelse i brev av 18.10.2008. Vi refererer følgende:

Høyringsfråsegn: Timbra Kraft AS – Søknad om løyve til å byggje Timbra kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke

For generelle opplysningar om friluftsliv, villrein, støylane, sumverknader m.m. viser vi til høyringsfråsegna vår med vedlegg om Sandalsfossen kraftverk. Ettersom sakshandsamaren i NVE er den same, og eigarane av Timbra kraftverk også er medeigarar i Sandalsfossen kraftverk, reknar vi det som uturvande å skrive mykje av det same to gonger.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Som nemnt i fråsegna om Sandalsfossen kraftverk: I Gloppen kommune er Sandalen den viktigaste ”inngangsporten” til Jostedalsbreen nasjonalpark!

Hovudruta inn til nasjonalparken går langs/nær Sandalselva, Timbervadelva, mellom den og Vesleelva, opp til Fossheimstøylen, og vidare oppover til nasjonalparkgrensa like ved/sør for Steinheia. Ruta er stipla på kartet i søknaden sitt Vedlegg 1. Vi har fått opplyst at til fots brukar turfolk ofte den gamle stien, medan det på ski er meir aktuelt å følgje traseen for den nye traktorvegen. Kva traseval ein gjer, vil sjølvsagt variere frå turgåar til turgåar.

Øvre del av utbyggingsområdet ligg inne i eit FRIDA-registrert lokalt viktig friluftsområde!

Som det går fram av foto i konsesjonssøknaden, til dømes Fig. 1 og Fig. 9, er Timbervadelva eit viktig landskapselement. Dette gjeld sjølvsagt også om ein går kortare turar, til dømes til foten av Sandalsfossen, Fossheimstøylen, Sandalsstøylen eller Svartebottvatnet. Den kortaste stien til Sandalsstøylen er nemnd i teksten, men ikkje markert på kartet i Vedlegg 1. Sjå raud markering på foto på side 3 i fråsegna vår om Sandalsfossen kraftverk.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Slukevna i kraftstasjonen varierer mellom maksimum 150 % og minimum 7,6 % av gjennomsnittsvassføringa. Dette er ei normal vassutnytting for småkraftverk. Tendensen i seinare tid har faktisk gått i retning av enda noko høgre utnytting.

Hydrologi og tilsig: Av konsesjonssøknaden side 10 går det fram at eit delfelt er felles med Vesleelva, og at det er rekna med at 80 % av vassføringa i dette delfeltet går til Timbervadelva. Dette utgjer 22,7 % av den samla vassføringa til inntaket til Timbra kraftverk, altså ein vesentleg del. Det betyr at Timbra kraftverk er sårbart for endringar i den naturlege vassfordelinga mellom Timbervadelva og Vesleelva. Og ettersom det er rekna med at berre 20 % i dag går til Vesleelva, er det svært sannsynleg at eventuelle endringar i vil slå negativt ut for Timbra kraft.

Av kartet i Vedlegg 1 går det fram at elvane til Timbervadelva og Vesleelva deler seg berre omlag 80 høgdemeter og 500 lengdemeter nedanfor enden av breen. Breane har endra seg svært mykje dei siste 20 åra. I 1990-åra gjekk breane til dels svært mykje fram, dei siste åra har dei gått attende. Vi har ikkje kjennskap til når i denne syklusen grunnlaget for kartet vart laga, og vi har heller ikkje kjennskap til kor store utslag endringane har hatt på denne vesle brearmen sør for Steinheia. Ettersom vi heller ikkje har vore på synfaring på staden, er det uråd for oss å seie noko om kor stabil vassfordelinga mellom dei to elvane er. Reint generelt kan vi seie at så nær enden av ein brearm, er tilhøva ofte ustabile. Viss det blir ”våtare og villare” vær i åra framover, kan ein også risikere ei framtidig breframrykking som er enda større enn den vi hadde i 1990-åra, då det var våte og milde vintrar som var hovudgrunnen til

framrykkinga. Vassfordelinga på akkurat denne staden er svært viktig både for økonomien i prosjektet og for miljøverknadane av det – dvs kor stor restvassføringa i elva vert etter utbygging. Vår oppmoding til NVE:

1. At NVE krev at utbyggarane legg fram ei rekkje foto både frå den staden der elvane delar seg, og frå den omlag 600 m lange strekninga der dei to elvane renn like ved sida av kvarandre, slik at det er råd å danne seg eit inntrykk av kor stabil vassfordelinga er.
2. At NVE, viss det kan vere tvil om korleis tilhøva er, vurderer dei på staden under sluttsynfaringa.

Inntak: Inntaket er tenkt plassert ovanfor skoggrensa, i heilt ope, sårbart, høgfjellsterreng. Dette meiner vi er svært uheldig i dette området som både er viktig for friluftsliv og som ligg nær Jostedalsbreen nasjonalpark. Vi viser i denne samanhengen til OED sine "Retningslinjer for små vannkraftverk" av juni 2007. I tillegg er den siste delen av traktorvegen som passerer 100 m frå inntaket, ulovleg bygd i følgje det Rådmannen i Gloppen skriv i si saksutgreiing. Ettersom vi ikkje har vore på synfaring på staden (og NVE sender oss så mange saker på høyring at vi ikkje har tid til å reise heller), er det vanskeleg å kome med framlegg til ei alternativ plassering av inntaket. Kanskje vil inntak i skoggrensa, omlag på kote 680, vere ei betre plassering? Det er vel i nærleiken av enden av den lovleg bygde delen av stølsvegen og, slik vi tolkar kartet og informasjonen til Rådmannen. Men sjølv om ei slik plassering vil spare det opne høgfjellsterrenget, så vil det framleis føre til at dei fine fossane og stryka frå skoggrensa og nedover, får sterkt redusert vassføring. **Vårt syn er at kraftverket ikkje bør byggast!**

Røyrgate: Viss kraftverket skal byggast, vil det vere ein stor fordel om inntaket vert flytta nedom skoggrensa, omlag til kote 680, slik at unngår graving i det opne høgfjellsterrenget. Det er i konsesjonssøknaden opplyst at "Breidda på rydebeltet vil vere ca 6 meter." Dette er svært lite. I andre saker er det ofte operert med 15 meter, av og til opptil 20. Vi har for lite sikker kunnskap om temaet, men vi veit at NVE sitt regionkontor i Førde har god kunnskap!

Kraftstasjonen: Viss kraftverket skal byggast, har vi ingen spesielle merknader til plasseringa av kraftstasjonen. Støydemping gjennom dykking av utløpet vil vere eit godt tiltak. Likeins bruk av vasskjølt anlegg slik at ein unngår viftestøy.

Vegbygging: Det er positivt at mellombels vegar til inntak/langs røyrkata skal fjernast heilt. Men vi meiner at viss det skulle bli gitt konsesjon, så må inntaket flyttast nedover til under skoggrensa.

Nettilknytning: Hengekabel over elva er uheldig, men det er ikkje det som er det verste ved denne utbygginga, det er dei andre inngrepa. Så viss det vert gitt konsesjon, har vi ingen avgjerande merknader til nettilknytninga.

Fordelar og ulemper ved tiltaket: Vi viser til fråsegna vår om Sandalsfossen kraftverk.

Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar:

Kommuneplan: Gloppen kommune har, slik vi tolkar det, særleg gjennom vedtaket om Sandalsfossen kraftverk, i realiteten sagt ja til absolutt all kraftutbygging som nokon måtte finne på å søke om i Gloppen kommune. Då har dei vedtekne retningslinene for handsaming av dispensasjonssøknader liten verdi!

Andre planar og spesielle område:

- Den øvre delen av utbyggingsområdet ligg inne i eit FRIDA - registrert lokalt viktig friluftsområde.
- Heile utbyggingsområdet ligg inne i Villreinområde 16 – Svartebotnen.
- Størstedelen av utbyggingsområdet, men ikkje kraftstasjonen, ligg inne i eit EDNA - registrert viktig naturområde. Sjå <http://www.fylkesatlas.no>. Vi går ut frå at Fylkesmannen vurderer konfliktnivået.

INON: Vi viser til det vi skreiv om dette i fråsegna vår om Sandalsfossen, inklusive sitatet frå Rådmannen i Gloppen si saksutgreiing. Det som kan skape grunnlag for bortfall av INON i første omgang, er den lovleg bygde delen av stølsvegen. Om feilinformasjonen om bortfallet av INON skal få konsekvensar, må Fylkesmannen vurdere.

Den delen av stølsvegen som er ulovleg bygd, kan i første omgang ikkje føre til bortfall av INON. Først må Kommunen og/eller Fylkesmannen vurdere om den ulovlege delen av vegen skal fjernast. Viss det vert kravt at den ulovleg bygde delen av vegen skal fjernast, vil det ikkje bli noko bortfall av INON på den strekninga. I så fall vil kraftutbygginga føre til ytterlegare bortfall av INON fordi inntaket ligg anslagsvis 300 m lenger aust enn enden av den lovleg bygde delen av vegen.

Alternative utbyggingsløyningar: Vi har tidlegare i fråsegna skissert at å plassere inntaket nedanfor skoggrensa, omlag på kote 680, kan vere ei forbetring. Men ettersom vi ikkje har vore på synfaring, er vi usikre på om staden er brukbar. Synest vårt er likevel at uansett plassering av inntaket, bør ikkje NVE gje konsesjon til utbygginga!

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

3.1 Hydrologi: Som vi har skrivne om tidlegare i fråsegna, meiner vi det er usikkert kor stor del av vatnet i nedbørfeltet som er felles med Vesleelva, som vil gå til Timbervadelva i åra framover. Viss vassmengda som går til Vesleelva aukar, noko som truleg ikkje er usannsynleg, men som må vurderast, vil det føre til større negative konsekvensar for Timbervadelva.

Ei minstevassføring på 50 l/s heile året er ei god minstevassføring om vinteren, og svært lite om sommaren. Men om sommaren må minstevassføringa sjåast i samanheng med den maksimale slukevna for kraftstasjonen. Med bakgrunn i at vassfordelinga mellom Timbervadelva og Vesleelva truleg er usikker, ber vi NVE vurdere om den maksimale slukevna i kraftstasjonen bør reduserast ytterlegare, til dømes slik at den høver med ei røyrgate på 60 cm i staden for 70 cm, slik det er konsesjonssøkt. Dette vil kunne gje ein betra dynamikk i elva om sommaren, og redusere trongen for slepping av ei stor minstevassføring. Økonomisk kan kanskje dette også vere ei betre løysing for utbyggarane? (Lægre investeringskostnad.) Viss det skulle vere aktuelt å gje konsesjon, ber vi NVE gjere ei avveging av desse spørsmåla.

3.6 Flora og fauna: Heller ikkje i denne konsesjonssøknaden er det skrivne eitt ord om villreinstammen i området. Dette er ein vesentleg mangel ved konsesjonssøknaden! Vi har sikker informasjon om at villreinen ferdast i influensområdet for utbygginga, men vi veit sjølvsagt ingenting om kor ofte den ferdast der. Det kan berre kartleggast gjennom radiomerking, og det er neppe aktuelt i samband med denne saka. Elles viser vi til det vi skreiv om rein i fråsegna vår, med vedlegg, om Sandalsfossen kraftverk.

Fossefall: Det er positivt at det som avbøtande tiltak skal settast ut rugekassar for fossefall. Men for fossefallet er det likevel usikkert om ei minstevassføring på 50 l/s om sommaren er

nok. Også av omsyn til fossekallen ber vi NVE vurdere sammenhengen mellom maksimal slukevne og minstevassføringa om sommaren, sjå ovanfor.

Rovdyr: Med ein villreinstamme i området, sauer på beite etc, reknar vi det som opplagt at det er rovdyr som i alle fall er på næringssøk, sjølv om det ikkje er gjort konkrete observasjonar. Dette gjeld til dømes kongeørn. Kanskje også jerv. Mindre, 4-beinte rovdyr er der heilt sikkert.

3.7 Landskap: Vi har ikkje store merknader til det som står i konsesjonssøknaden, bortsett frå at vi trur at konsekvensane nede i skogbeltet er undervurdert. (For smalt inngrepsbelte oppgitt.) Ved å flytte inntaket nedanfor skoggrensa og ved å redusere den maksimale slukevna i kraftstasjonen, vil dei negative verknadane for landskapet kunne reduserast ein del.

3.8 Kulturminne: Bedømt ut frå fotoa i Fig. 7 og 17, reknar vi det som svært sannsynleg at inntaket og delar av røyrгатetraseen vert synlege frå Fossheimstøylene.

3.11 Brukarinteresser:

Jakt: Villreinjakt er ikkje nemnt her heller. Sjå fråsegna vår om Sandalsfossen kraftverk.

Ferdsl og friluftsliv: Vi viser til det vi har skrive, og foto, på side 1 i denne fråsegna, og på side 1, 2 og 3 i fråsegna om Sandalsfossen kraftverk.

3.14 Verknader på samfunnet: I området rundt Sanddalsvatnet, og i dalføra rundt, har ein i dag eit unytta potensiale for satsing på reiseliv som truleg er ganske stort. Det gjeld først og fremst småskala reiseliv både nede i bygda og i tilknytning til støylane. Dei fine fossane, der Sandalsfossen og Strupenfossane er dei fremste, det imponerande landskapet, og fisket både nede i bygda og oppe i Svartebottvatnet, er eit glimrande grunnlag for ei slik satsing. Fossane har også potensiale til å bli attraksjonar i større nasjonal/internasjonalt turismesamanheng. Alt dette føreset alt at dei finaste fossane, Sandalsfossen og Strupenfossane, ikkje vert utbygde!

4. Avbøtande tiltak: Vi viser til det vi har skrive om flytting av inntaket nedover, minstevassføring, og maksimal slukevne, tidlegare i fråsegna.

Sumverknad av mange utbyggingar:

Heilt til slutt i fråsegna vår om Sandalsfossen kraftverk hadde vi eit oversyn over kraftutbyggingar i Breimsvassdraget som vi håpar er nokolunde korrekt. I denne fråsegna skal vi ta for oss kraftutbyggingane i ein mykje meir avgrensa del av Breimsvassdraget, nemleg Myklebustelva med sideelvar, som renn saman med hovudelva ved Byrkjelo. Der kan det etter vårt syn bli altfor mange utbyggingar i eit avgrensa område:

Kraftverk i drift:

1. Byrkjelo kraftverk. 61 GWh.
2. Sandal og Fossheim kraftverk. 13 GWh.

Kraftverk som er under konsesjonshandsaming i NVE:

3. Strupen kraftverk. 27,6 GWh.
4. Daleelva kraftverk. 9,1 GWh
5. Sandalsfossen kraftverk. 26 GWh.
6. Timbra kraftverk. 9,4 GWh.

Strupen kraftverk og Sandalsfossen kraftverk gjeld utbygging av uvanleg fine fossar i viktige område for både friluftsliv og reiseliv. Fossar som etter vårt syn har både nasjonal og internasjonal verdi, og er lett tilgjengelege. Vi går så sterkt vi kan mot desse utbyggingane! For nærare grunngeving, viser vi til fråsegnene våre om sakene.

Daleelva kraftverk meiner vi, etter nokre justeringar, er ei akseptabel utbygging, sjå fråsegna vår om den.

Timbra kraftverk kjem i ei mellomstilling. Vårt syn er at området er så viktig for friluftsliv, og at elva er eit så viktig landskapselement, at den ikkje bør byggast ut. Men nei-haldninga vår til denne utbygginga er ikkje like sterk som for Strupen og Sandalsfossen. For dei to sistnemnde er nei-haldninga vår absolutt. For Timbra kan avbøtande tiltak, som vi har skisserte tidlegare i fråsegna, gjere den noko mindre uakseptabel.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygging av Timbervadelva:

Timbervadelva er eit viktig landskapselement i ein av inngangsportane til Jostedalsbreen nasjonalpark. Utbygginga er i eit område som er viktig for friluftsliv og reiseliv, og inne i eit villreinområde. Utbygginga er i direkte konflikt med den viktigaste stien til Myklebustbreen. Vårt syn er at konfliktnivået er for høgt, og at kraftverket ikkje bør byggast. Vi tilrår derfor NVE å avslå konsesjonssøknaden om bygging av Timbra kraftverk.”

Søkers kommentar til høringsuttalelsene og planendringer

Søker har i brev av 18.3.2009 kommentert de innkomne høringsuttalelsene og meldt en planendring. Vi har utelatt noen bilder og refererer følgende:

”Timbra kraftverk – Endring av utbyggingsplaner og merknader til høyringsuttalelser.

1. Innleiing

Timbra Kraft AS (under stifting) har søkt om løyve til utbygging av Timbra kraftverk.

Tiltakshavarane eig fallrettane og har hand om alle rettar som er nødvendig for å gjennomføre utbygginga. Tiltaket vil gje inntekter direkte til fallrettseigarane og kommunen, føre til auka aktivitet i bygda, styrke grunnlaget for busetting og gardsdrift samt bidra med om lag 8,65 GWh/år fornybar energi.

Tiltakshaver har motteke seks uttalelser i samband med høyring av søknaden; sjå kap 2.

På bakgrunn av innkomne merknader og for å minske konfliktnivået, foreslår tiltakshavarane å auka minstevassføringa i perioden juli tom august til 290 l/s, om lag lik 5-persentil sommervassføring. Resten av året foreslås ei minstevassføring på 50 l/s.

For verknad av endringane, sjå beskriving i kap 3. Auka slipp av minstevassføring resulterer i eit produksjonstap på 0,75 GWh i forhold til først omsøkt, noko som reduserer prosjektet sin bruttoinntekt med ca 225.000 kr/år (kraftpris 30 øre/kWh). Den tapte inntekta representerer ein brutto noverdi på ca 3,4 mill kr.

Tiltakshaverene meiner at auka minstevassføring reduserer konfliktene i høve landskap, friluftsliv, turisme og biologisk mangfald. Det kan difor ikkje være tvil om at fordelane ved utbygginga er vesentleg større enn ulempene.

Jostedalsbreen nasjonalpark, som ligg om lag 2,5 km i luftline frå det tenkte inntaket, vil ikkje bli berørt av utbyggingsplanene. Eventuelle verneverdier i Svartebotnenområdet vil heller ikkje bli berørt av planene. Kraftverksinntaket, som ligg ca 5,5 km frå Svartebotvatnet, vil ha beskjeden overflate med vasspeil på ca 1 da, og inntaksområdet ligg i eit naturleg søkk i elvefaret og vil ikkje ruve i terrenget.”

[...]

”2. Fråsegner (6 stk) til søknaden

2.1 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

”Fylkesmannen meiner at bygging av Timbra kraftverk er i stor konflikt med allmenne interesser. Fordelane ved vasskraftutbygginga vil ikkje vege opp for dei negative konsekvensane for nasjonale og regionale interesser knytt til Timbervadelva og det aktuelle influensområdet. Fylkesmannen vil rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Timbra kraftverk ut i frå føreliggjande planar.”

2.2 Sogn og Fjordane Turlag v/Naturvernutvalet:

”Timbervadelva er eit viktig landskapselement i ein av inngangsportane til Jostedalsbreen nasjonalpark. Utbygginga er i eit område som er viktig for friluftsliv og reiseliv, og inne i eit villreinområde. Utbygginga er i direkte konflikt med den viktigaste stien til Myklebustbreen. Vårt syn er at konfliktnivået er for høgt, og at kraftverket ikkje bør byggast. Vi tilrår derfor NVE å avslå konsesjonssøknaden om bygging av Timbra kraftverk.”

2.3 Gloppen kommune

Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga, og har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjonsløyve for Timbra kraftverk. Kommunestyret gjev også dispensasjon frå byggeforbodet i LNF-området i kommuneplanen.

Gloppen kommunestyre meiner fordelane ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser. Det bør likevel vurderast høgare minstevassføring enn det som er skissert i konsesjonssøknaden. Området er innfallspørt til Jostedalsbreen nasjonalpark. Det må difor leggast stor vekt på miljøtiltak og utforming dersom løyve vert gjeve, og eit vilkår for vedtaket er at drift av inntak vert utført på ein skånsam måte.

2.4 Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon blir gitt ut frå at dei økonomiske føremoner av tiltaket blir vurdert til å vere større enn ulempene. Kraftverket vil styrke næringsgrunnlaget lokalt. Det må vurderast noko høgare minstevassføring enn det som er skissert i konsesjonssøknaden. Området er innfallspørt til Jostedalsbreen Nasjonalpark, og må derfor leggast stor vekt på miljøtiltak og utforming dersom konsesjon vert gjeven.

2.5 Statens Vegvesen

Statens vegvesen minner om at det må søkjast om å bygge avkøyrsløse frå fylkesvein 693 dersom det er aktuelt å bygge ny avkøyrsløse. Har elles ingen merknader.

2.6 SFE NETT

SFE Nett gjer merksam på at det er begrensa kapasitet i den delen av nettet som kraftverket vil bli tilknytta. På bakgrunn av eksisterende planer og konsesjonssøknader i dette området, har SFE berekna kostnader og fordeling av kostnader ved nettførsterkinga. Timbra kraftverk sin andel av kostnadane vil bli om lag 1,7 mill.kr.

3. Endringar i utbyggingsplanene

3.1 Kraftstasjon

Dersom det vert gjeve konsesjon både til Timbra og Sandalsfossen kraftverker, vil tiltakshavarane samlokalisere kraftverksaggregata i same kraftstasjonsbygg. Ved slik

samlokalisering blir inngrepa i området vesentleg mindre enn om det blir bygd to separate hus med kvar sine tilkomstveier, avløp og nettilknytning. Det vil og oppstå andre synergier; så som meir effektivt tilsyn og totalt sett behov for mindre ferdsel i driftsfasen.

3.2 Veg

I staden for å bygge anleggsveg frem til inntaksområdet, kan grunnarbeidet ved inntaket utførast vha beltegåande kjøretøy som tek seg fram til inntaksområdet frå den eksisterande støylsvegen. Fremføring av betong for støyping av inntakskonstruksjonen vil òg kunne skje vha beltegåande kjøretøy. Timbra kraftverk treng såleis ikkje bygge ny anleggs- eller permanent veg i området ovanfor skoggrensa. Det er allereie bygd skogsveggar i området der kraftstasjonen er tenkt bygd, det fører til at det trengs bare ca 100 m lang og 3 m brei ny veg frem til kraftstasjonen.

3.5 Turbinslukeevne, hydrologiske verknader, minstevassføring

Det er tenkt å installere ein turbin med slukeevne på ca 870 l/s, noko som tilsvare 150 % av middelvassføringa. Minimum slukeevne vil være ca 45 l/s. I sommersesongen vil vassføringa i elva være større enn kraftverket sin største slukeevne i ca 55 % av tida. Auka minstevassføring til 290 l/s i perioden juli-august vil bidra til å oppretthalde inntrykket av elva. Etter utbygging, og med auka minstevassføring, vil middelvassføringa over året bli redusert til 40 % av naturleg vassføring på den berørte elvestrekninga.

3.6 Produksjon

Produksjonen ved omsøkt slukeevne og minstevassføring er berekna til 8,65 GWh/år; fordelt på 6,94 GWh sommerkraft og 1,71 GWh vinter ved turbineffekt på ca 2,5 MW.

Produksjonen vert med dette redusert med ca 0,75 GWh i forhold til omsøkt alternativ 1.

3.7 Hovuddata omsøkt alternativ (auka minstevassføring)

TILSIG

Nedbørfelt	km ²	6
Restfelt	km ²	0,25
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	18,35
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	97
Middelvannføring	m ³ /s	582
Alminnelig lavvannføring	l/s	19
5-persentil sommer (1/5-30/9)	l/s	292
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	11

KRAFTVERK

Inntak	moh.	750
Avløp	moh.	405
Lengd på berørt elvestrekning	m	1230
Brutto fallhøyde	m	345
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,818
Slukeevne, maks	l/s	870
Slukeevne, min	l/s	45
Tilløpsrør, diameter	mm	700
Tilløpsrør, total lengde	m	1300
Installert effekt, maks	kW	2500

Brukstid	timer	3460
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,71
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	6,94
Produksjon, årlig middel	GWh	8,65
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	20,9
Utbyggingspris	kr/kWh	2,43

4. Tiltakshaver sine øvrige merknader

Tiltakshaver meiner at hensynet til landskap og friluftsliv blir godt ivareteke. I sommerperioden vil smeltinga/avrenningsmønsteret frå breen, samt ei minstevassføring på 290 l/s, sikre restvassføring som ivaretek miljøet og det visuelle inntrykket.

Fylkesmannen uttaler at området over skoggrensa inn mot Svartebotnen og Myklebustbreen er eit flott område med kvartærgeologiske verneverdige førekomster. Kvar grensene til dei spesielt interessante og verdifulle områda går, er ikkje mogeleg å fastslå ut frå tilgjengelige kartbaser.

Med tanke på at det allereie er bygd vei i området, vil det ikkje være snakk om tap av INON.

Verneverdiane i Svartebotnområdet vert ikkje skadelidande i forbindelse med den omsøkte utbygginga i Timbervadelva.

Konflikter i forhold til rein

Når det gjeld reinstammen i Svarteboten, finn vi det riktig å minne om at denne blei etablert av utsett tamrein i 1975.

Det er eit interessant og relevant tankeeksperiment å forestille seg kva som ville være Fylkesmannen sitt standpunkt dersom det ikkje var rein i området frå før og det i dag vart søkt om å innføre tamrein; det er vår påstand at det er svært sannsynleg at Fylkesmann og Direktoratet for Naturforvaltning ville sagt nei til eit slikt tiltak; jamfør negativt vedtak om utsetting av tamrein i Suldal (Kjelde: Stavanger Aftenblad juli 2007).

I eit retroperspektiv, er det ikkje vanskeleg å sjå det paradoksale i at historiske tiltak som dagens forvaltning med sikkerheit ville sagt nei til, i dag vert verna eller føreslege verna av den same forvaltninga.

Fylkesmannen uttrykker usikkerhet om tiltaket vil uroe reinen i området og Sogn og Fjordane Turlag meiner at utbygginga ligg inne i eit villreinområde. Merknadane frå Fylkesmannen og frå Turlaget er ugrunna spekulasjoner, utbygginga er ikkje i konflikt med villreinen i området, verken med tanke på beiteområder, "kaste-plasser" eller trekkruiter. Det er aldri observert rein i utbyggingsområdet. (Kjelde: Jostein Bergheim)

Byggeperioden vil forbigåande representere forstyrrelser for viltet, men i beskjeden grad, begrensa til nokre få månader i perioden juli-oktober, og vil ikkje representere noko problem for villreinen.

Dersom ein verkeleg tek omsyn til viltet i området og ikkje ønsker å forstyrre t.d. villrein, bør all ferdsel til fots i området forbys, noko som først og fremst vil begrense aktiviteten til Sogn og Fjordane Turlag, turister, ferdsel og friluftsliv. Det er eit paradoks at det i Noreg vert forbode motorisert ferdsel i utmark med grunngjeving "av omsyn til viltet"; i dei aller fleste andre land er det ferdsel til fots som vert sett på som kontroversielt og forstyrende for viltet.

Tiltakshaver meiner at den planlagte kraftutbygginga ikkje vil ha negativ verknad for villreinen i området. Verken bygging eller drift av anlegget vil påføre reinen ekstra belastning.

Visuelt inntrykk etter utbygging

Terreggånade/beltegående køyretøy vil bli nytta ved grunnarbeid og bygging av inntaket. Det er kjent for dei fleste at beltegående køyretøy set forholdsvis lite spor etter seg sjølv i høgfjellsområder. Ved utgraving av inntaksområdet og ved graving av rørgrøft i området ovanfor skoggrensa, vil toppdekket bli teke vare på og reetablert når anleggsdelane og tilløpsrøret er på plass.

Inntaket vil bli robust bygd og slik utrusta at drift og vedlikehald kan haldast på eit minimum.

Inntaket ligg ovanfor skoggrensa og vil såleis ikkje være særleg plaga av lauvfall om hausten. Tilsyn og drift kan skje med lange intervall og vil derfor ikkje på nokon måte føre til nemnande meirbelastning av området.”

Breim Bygdeutviklingslag har i brev av 26.3.2009 gitt en omfattende uttalelse etter høringsperioden var over og søker hadde kommentert uttalelsene. De har samlet hovedpunktene i et sammendrag. Vi refererer følgende:

”Breim Bygdeutviklingslag støttar Gloppen kommune og fylkesutvalet i at den omsøkte utbygginga av Timbra og Sandalsfossen ut frå ei samla vurdering av allmenne interesser er miljømessig forsvarleg og tilrådeleg.

Vi legg særleg vekt på følgjande:

- rein fornybar energi i tråd med nasjonale målsetjingar
- nyttar kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte og med fokus på ei balansert utvikling mellom bruk og vern
- styrkjer næringsgrunnlaget til utbyggarane og gjev inntekter og positive ringverknader også for bygda, kommunen og fylket
- utbygginga blir støtta av Gloppen kommune og fylkesutvalet som er dei demokratisk valde organa med det overordna samla samfunnsansvaret, i motsetning til meir tilfeldige sektor- og enkeltinteresser
- er skånsam og lite synleg, lite eller ingen konflikt med natur, kultur- og verneverdiar
- utbygginga er gunstig ut frå prinsippa om universell utforming og tilgjenge til natur – og kulturlandskap for alle grupper, ikkje berre den fysiske eliten
- tillitserklæring til ei grend med brukarar som har vist stort forvaltaransvar i eit verdfullt natur- og kulturlandskap slik at dei blir i stand til å utøve dette avgjerande forvaltaransvaret også i framtida
- utbygging gjer det lettare å bevare verneverdiane og unngå tilstandane i Geiranger og Nærøysfjorden. Det har ”alle” i årevis vore samde om verdsarvkvatitetane og ynskt ta vare på dei. Medan det som faktisk skjer er at kulturlandskapet gror att og verneverdiane forvitrar av di bruksnedlegginga og reduksjonen i dyretal er komen for langt. I Geiranger og Nærøysfjorden er det usikkert om utviklinga kan snuast uansett offentlege økonomiske ekstramidlar. Dette må unngåast i Sandalen/Svarteboen-området!”

[...]

”Oppsummering – allmenne interesser og berekraftig vasskraftutbygging

Breim Bygdeutviklingslag har ovanfor dokumentert vår innleiande påstand om at

”fylkesmannen si miljøvernavdeling i uttalen ikkje har gjort faglege drøftingar som støttar ein

så bastant konklusjon når det gjeld "allmenne interesser", i den vide tydinga ein må kunne forvente av eit forvaltningsorgan."

Vi har prioritert den fagleg-vitskaplege dokumentasjonen, og tatt med så vidt lange sitat at ein ikkje heile tida skal måtte gå inn og ut av nettlener, eller ha referanseverk tilgjengeleg. Det blir då sjølsagt ein lenger og meir stilistisk oppstykkta uttale frå vår side. Framgangsmåten er i alle fall eit uttrykk for at tema er svært viktig for framtida til bygdene, og at vi ynskjer fagleg orientert debatt.

Vi har m.a. som utgangspunkt Fylkesplanen for Sogn og Fjordane for perioden 2005-2008 der målet er å lyfte fram verdiskaping ved å nytte kultur-og naturgrunnlaget gjennom ei balansert utvikling mellom bruk og vern. Vi ser no med glede i pressemelding frå regjeringa 06.03.2009 at fylkesplanen er godkjent.

Vi ser og med glede at regjeringa i sine formuleringar deler det syn og dei prioriteringar vi har kome med i dette høyringsnotatet om universell utforming og verdiskaping:

...Regjeringa understrekar at prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn i fylkesplanlegginga og i tiltaka i handlingsprogramma.

Regjeringa ser positivt på at Sogn og Fjordane lyfter fram verdiskaping der ein tek heile fylket i bruk ved å nytte kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte og med fokus på ei balansert utvikling mellom bruk og vern.Til ambisjonane om vidare utbygging av vasskrafta i fylket vil Regjeringa understreka at vasskrafta kan utnyttast på berekraftig vis i tråd med Retningslinene for små vasskraftverk, Samla plan for vassdrag, og Forskrift om rammer for vassforvaltning (Vassforskrifta).

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/dokument/Lover-og-reglar/Kongelegeresolusjonar/2009/fylkesplan-for-sogn-og-fjordane-2005--20.html?id=548353>

Gloppen kommune og fylkesutvalet er uttalepartar som er demokratisk valde med eit overordna samfunnsansvar. Både dei og vi støttar ei utbygging av Timbra og eit utbygging av Sandalsfossen der utnyttinga av fossen frå utbyggarane si side er planlagt redusert i høve til tilsvarande småkraftutbyggingar ut frå ynsket om å ta vare på den som eit landskapselement.

Utbygginga gjev fornybar rein energi i tråd med nasjonale mål, og auka inntekter til bygd, kommune og fylke. Særleg viktig i ei tid då offentlege tilskott til tradisjonelt jordbruk til vårt naturavhengige fylke har gått sterkt ned, og framtida er usikker i globaliseringas tidsalder (jfr ovanfor).

Breim Bygdeutviklingslag er samde med fylkesmannen si miljøvernavdeling og turlaget i at Utvikjellet/Svartebotn-området har store natur-og kulturkvalitetar frå dalbotn til høg fjell og bre, og er viktig for friluftslivet. Vi har i tillegg peika på at denne typen kulturlandskap – stølslandskapet – også er unikt i europeisk samanheng og stekt truga ifylgje forskningsmiljø.

Vi har gjennom vår meir omfattande analyse av utviklinga vist at føresetnaden for å bevare desse verdiane er å ta vare på og styrke det lokalsamfunnet som har skapt og held ved like den infrastrukturen og det kulturlandskapet vi andre nyt godt av. Og at endringane i landbrukspolitikken siste åra gjer det meir nødvendig med andre inntektskjelder som vasskraft.

- Føre-var-prinsippet tilseier at ein unngår tilstandane i Geiranger og Nærøysfjorden der "alle" i årevis har vore samde om verdsarvkvatitetane og ynskt ta vare på dei

- Medan det som faktisk skjer er at kulturlandskapet gror att og verneverdiane forvitrar av di bruksnedlegginga og reduksjonen i dyretal er komen for langt, og det er usikkert om utviklinga kan snuast uansett offentlege økonomiske ekstramidlar

Vi ser gjerne at NVE i sbd med synfaringane seinare i år tek seg tid til å gå heile vegen til fots inn i Svartbotnen, gjerne og opp på breen og rundt. Då vil det verte endå tydelegare at i denne større samanhengen blir den omsøkte utbygginga nede i støylsområdet skånsam og lite synleg i den store heilskapen. Men nødvendig for å setje dei grunneigarane som har opparbeidd dette natur- og kulturlandskapet i stand til å gjere det også i framtida, til fortsatt glede for oss andre "gratispassasjerane". "

Breim bygdeutviklingslag har lagt ved følgende vedlegg:

1. Utdrag frå: Ueland, Torgny: Forvaltning og skjøtsel av stølar. Prosjektrapport, 1998.
2. Prinsipielle syn (utforma 2007) på friluftsliv og universelt tilgjenge i støylsområda
3. SMIL-søknad Svartebotnen 2007 – do og bru (døme på lokalt engasjement).

Begrenset høring – kommentarer til foreslåtte planendringer m.v.

De foreslåtte planendringene ble sendt på en begrenset høring til alle som hadde gitt uttalelse i forbindelse med den opprinnelige søknaden.

NVE mottok følgende uttalelser i forbindelse med den begrensede høringen av de foreslåtte planendringene:

Gloppen kommune har i brev av 6.4.2009 gitt følgende uttalelse til endringsmeldingen:

"Vi viser til motteke varsel om endring av utbyggingsplanane for Timbervadelva. Vi meiner planendringane er i samsvar med Gloppen kommunestyre sin uttale, og har ikkje ytterligere merknader. Saka blir ikkje lagt fram for ny politisk behandling."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM) har i brev av 18.5.2009 gitt følgende uttalelse til endringsmeldingen:

"Utbyggjar har i hovudsak endra søknaden med følgjande: Samlokalisering av kraftstasjonsplassering med Sandalsfossen kraftverk, beltegående køyrety i staden for veg over skoggrensa til inntaket, og auka minstevassføring i juli og august (2901/s). Vi viser også til tidlegare fråsegn om Timbra kraftverk (datert 12.12.2009) og fråsegner om Sandalsfossen kraftverk (datert 12.12.2008 og 18.05.2009).

Når det gjeld tilhøve til Svartebotnområdet ned mot tregrensa, INON, villrein, felles kraftstasjon osv, viser vi til uttale om Sandalsfossen kraftverk.

Større minstevassføring om sommaren vil vere positivt for landskapsoppleving og friluftsliv. Juli og august er likevel for kort til å fange opp barmarksesongen, og det er lite dokumentasjon på i kva grad 2901/s vises att i elva/landskapet.

Det er fleire viktige nasjonale og regionale verdiar som vert påverka i større eller mindre grad ved ei ev. utbygging av Timbra kraftverk som planlagt. Konflikar i høve til allmenne interesser i dei øvre områda og friluftstinteresser knytt til heile utbyggingsområdet, gjer at Fylkesmannen opprettheld tilråding frå tidlegare uttale datert 12.12.2008."

Sogn og Fjordane Turlag har i brev av 4.5.2009 gitt følgende uttalelse til endringsmeldingene:

"Vi viser til endringsmeldinga vedlagt dykkar brev av 31.03.2009, og til fråsegna vår av 18.10.2008. Vi har gått gjennom fråsegna vår av 18.10.2008 på nytt og held fast ved alt som

står der, bortsett frå det som er eit direkte resultat av endringane i utbyggingsplanane. Vi viser derfor til den fråsegna. Vi viser også til fråsegna vår av i dag om Sandalsfossen kraftverk. Mykje av det som står der, gjeld også for Timbra kraftverk. Dette tek vi ikkje opp att her.

Kommentarar til endringane i utbyggingsplanane:

Reint generelt synest vi det er positivt at utbyggerane kjem med framlegg om planendringar som til ei viss grad reduserer miljøkonfliktane. Spørsmålet er om dette er nok. Det er også sumverknadane av svært mange utbyggingar både i heile Breimsvassdraget og i Myklebustelva med sideelvar, å ta omsyn til.

Minstevassføring: Vi synest det er positivt at utbyggerane vil auke minstevassføringa til 290 l/sek i 2 månader for året, juli og august. Det vil føre til ei betring av det visuelle inntrykket av elva. Men vi synest at tidsrommet for denne auken er for kort. Perioden bør aukast til månader, frå og med juni, til og med september.

Vassveg: Det er ikkje dokumentert korleis den nedste delen av røyrgatetraseen blir viss det blir ein felles kraftstasjon med Sandalsfossen kraftverk. Det synest vi er ein ganske vesentleg mangel ved endringsmeldinga. Viss Sandalsfossen kraftverk skulle få avslag og Timbra kraftverk skulle få konsesjon, reknar vi med at kraftstasjonsplasseringa vert som i den opphavelige søknaden, og for det alternativet vurderer vi dokumentasjonen god nok.

Kraftstasjon: Vi viser til fråsegna vår til endringsmeldinga om Sandalsfossen kraftverk.

Kommentarar til verknadane av utbygginga og til tiltakshavaren sine øvrige merknader:

Landskap: Fotoet i Vedlegg 1 i endringssøknaden, viser at Timbra er ei svært godt synleg elv – eit viktig landskapselement – også sett på avstand. Det gjeld både sett frå Vora, der fotoet er teke, og sett frå andre område der elva er synleg. Fotoet viser også at alle inngrep, mellom anna inntaket som ligg i eit frå før heilt urørt område, vil bli godt synlege. Det same vi røyrgatetraseen bli, i mange år, bortsett der den vert lagd i vegen. I juli og august blir den negative verknaden av utbygginga litt mindre negativ enn i den opphavelige søknaden. Resten av året blir den stort sett uendra.

Kvartærgeologiske verneverdige førekomstar: Vi viser til det som står i fråsegna vår til endringsmeldinga om Sandalsfossen kraftverk. For Timbra gjeld konflikten delar av både Felt 1445-020 og Felt 1445-033 .

INON: Ettersom både kommunen og fylkesmannen meiner at den siste delen av vegen fram til Fossheimstøylen er bygd ulovleg, er det snakk om tap av INON. Vi ber NVE krevje at INON-tapet vert dokumentert.

Konfliktar i forhold til rein: Vi viser til det vi skriv om dette temaet i fråsegna vår til endringsmeldinga for Sandalsfossen kraftverk. Dette gjeld også for Timbra kraftverk.

Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sjølv om endringa av utbyggingsplanane reduserer konfliktnivået noko, spesielt i juli og august, er det ikkje nok, etter vårt syn. Vi held derfor fast ved vårt tidlegare syn om at Timbra kraftverk ikkje bør byggast. Sjå ytterlegare grunngjeving i den første fråsegna. Vår tilråding til NVE er derfor framleis å avslå konsesjonssøknaden for Timbra kraftverk! Når det gjeld prioritering mellom ulike utbyggingar, viser vi til fråsegna vår av 18.10.2008. Synet vårt har ikkje endra seg som følgje av dei to endringsmeldingane.

Til slutt vil vi nemne at Sogn og Fjordane Turlag har eit nyansert syn på småkraftutbygging. Vi seier ja til dei fleste, og nei til dei vi vurderer som dei mest kontroversielle. Dette i motsetning

til Gloppen og enkelte andre kommunar, som "seier ja til alt". I 2008 skreiv Sogn og Fjordane Turlag fråsegner om 14 småkraftverk, og vi sa ja til 12 og nei til 2. Nei-sakene var Sandalsfossen og Timbra. Dette var, vurdert ut frå våre interesser, dei 2 mest kontroversielle nye utbyggingssøknadane vi vurderte i 2008. (Andre høyringsinstansar kan ha andre prioriteringar.)”

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har gitt uttalelse til endringsmeldingen for Sandalsfossen kraftverk i brev av 18.5.2009. Uttalelsen inneholder et avsnitt om Timbra kraftverk. Siden endringsmeldingen gjelder en ev. samlokalisering av kraftverksaggregatene til Sandalsfossen kraftverk og Timbra kraftverk refererer vi hele uttalelsen:

”Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane viser til vår tidlegare fråsegn i saka, og vi kan ikkje sjå at planendingane gjev grunn til å endre vårt standpunkt.

Størst i Nordfjord?

I fråsegna skreiv vi at Gloppen har ikkje nokon anna foss med tilsvarande høgde og vassføring som Sandalsfossen. Etter synfaring ved fossen ein kjølig vårdag utan stor smelting verkar det rimeleg at heller ikkje andre stader i Nordfjord er det fossar som på denne måten kan måle seg med Sandalsfossen. Under alle omstende er denne fossen ein av dei aller høgste og mektigaste nord i fylket.

Fosseenga nedanfor vassfallet er òg ei av dei største og mest varierte på lange strekningar. Dette er ein vegetasjonstype som i 2001 vart karakterisert som 'noko truga' (Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Noreg. – NTNU Vitenskapsmuseet Rapp. Bot. Ser. 2001-4: 1-231.) Forfattarane opplyser at kunnskapen om vegetasjonstypen er dårleg. Dei la til grunn for si vurdering av i kva grad typen er truga at tida for dei store kraftutbyggingane er over (s. 150), men at det ligg føre planar om justering av reguleringane. Dei nemner ikkje, rimeleg nok, det store omfanget som mindre utbyggingar har fått, og at dei først og fremst har ført mange fossefall i røyr. Det er all grunn til å tru at fosseengene i dag skulle vore flytta til kategorien 'sterkt truga'.

Det var i 2001 lite kjent kva for raudlista artar som finst i ulike fosseenger, men det gjeld under alle omstende fleire moseartar og ein art av marikåpe. Etter vår oppfatning er Sandalsfossen eit stort og variert fossesprutområde som opplagt hevdar seg høgt på lista over fosselandskap som er viktige å ta vare på utan endringar, direkte som ein konsekvens av det vedtekte målet om å stanse nedgangen i biologisk mangfald innan 2010. Når kunnskapen er så mangelfull som på dette feltet, er føre var-prinsippet det einaste forsvarlege å legge til grunn for avgjerda. Det vil seie at så lenge ingen kan vite at inngrepet er utan skadeleg verknad på plantelivet under fossen, må inngrep ikkje finne stad.

Søklarane viser til at inntaket ligg over tre kilometer frå Jostedalsbreen nasjonalpark, som ikkje vil bli påverka av utbygginga. Naturvernforbundet er samd i at avstanden gjer det irrelevant å snakke om direkte påverknad av det verna arealet. Vernet inneber ikkje forbod mot utbygginga. Men at planen gjeld nærområdet til nasjonalparken er likevel eit argument mot prosjektet. Både i Noreg og andre land er det etablert forvaltningspolitikk å vere varsam med inngrep nær nasjonalparkar og andre verna område, i nokre tilfelle for å hindre økologisk påverknad av den formelt verna naturen, i andre tilfelle fordi grensetraktene er høgst verdfull natur som på grunn av interesseavveginga – ikkje mindre verneverdiar – vart liggande utanfor grensa for formelt vern. Sandalsfossen er ein høgverdig del av den heilskapen av natur som delvis er verna ved opprettinga av Jostedalsbreen nasjonalpark, og ein storfelt opplevingsverdi ved ein mykje brukt inngang til nasjonalparken.

Søkjarane må ha misforstått når dei påstår at tapet av inngrepsfrie område ikkje er reelt, men at det kjem av ein uklar INON-definisjon. INON viser avstanden til større, tekniske inngrep. Vanleg stølsdrift med beiting, mindre bygningar og andre endringar som følgjer med drifta, vert ikkje rekna som større inngrep. Inngrepsfrie område er ikkje alltid urørde av menneskeleg aktivitet, men det mennesket har endra i slike område, er i langt mindre grad irreversibelt enn større, tekniske inngrep. Om ikkje inntaksdammen vil ruve i terrenget, er det likevel snakk om ein markert installasjon, og med den konsekvensen at vassføringa i elva nedanfor blir vesentleg mindre. INON-reduksjonen må opplagt vere eit argument mot utbygginga, ut frå det Stortinget har sagt om det.

Opplevingsverdiane

Opplevingsverdiane i dette fosselandskapet er svært store. På grunn av ei høgde i terrenget aust for den planlagde kraftstasjonen, får landskapet innanfor preg av å vere skjerma mot omverda og det som nedanfor finst av menneskeverk. Den mektige fossen og ein dramatisk fjellvegg på vestsida står i sterk kontrast til det rolegare terrenget nedanfor og på austsida av elva. Den skogsvegen som søkjaren viser til innover mot foten av fossen, viser på slutten berre delvis med noko utjamnande gravespor i overflata. Ein veg for maskintransport opp til det planlagde påhogget for borerigg, vil fjerne inntrykket av å vere i uforstyrra natur eit stykke nedanfor fossen og vidare oppover.

Vi forstår ikkje heilt, ut frå omtalen frå søkjaren, kva som er meint å gjere med dei utbora massane, om dei skal ligge att på marka nedanfor boreplassen, eller kvar eit eventuelt basseng skal ligge. Under alle omstende kan vi ikkje sjå anna enn at det nå lite forstyrra området nedanfor fossen vil få varig preg av arbeidet, inkludert vegen. Med ein borediameter på 700 millimeter i bortimot 300 meters lengde, vil volumet av fast masse nærme seg 150 kubikkmeter. I realiteten blir omfanget større på grunn av nytt porevolum.

Naturleg vassføring er det vesentlege

Både av økologiske grunnar, og med tanke på opplevingsverdiane, er det stor skilnad på ein foss med naturleg vassføring og eit vassfall som er endra av ein eller annan grunn. Det uregulerte har ein eigenverdi, ei oppfatning som er vel etablert i naturforvaltninga, og som har lege til grunn for vassdragsvernet sidan 1970-talet. Då Vettisfossen i Årdal i realiteten vart freda i 1930-åra, var det planar om å auke vassføringa for å gjere fossen endå meir mektig å sjå til. Dette var avvist med at det er ikkje storleiken på vassføringa som er det vesentlege, men at ho er naturleg. Dette er òg tilfelle for Sandalsfossen.

Endra plan endrar ikkje saka

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane ser etter dette ikkje noko vesentleg formildande i favør av søknaden, av dei planendringane som søkjaren har gjort. Det er vel og bra med beltegåande transport frå den eksisterande støylsvegen til inntaket over fossen. Men vi har vanskeleg for å tru at dette blir sporfri ferdsel. Det er snakk om ein gradsskilnad, ikkje eit val mellom inngrep eller ikkje inngrep. Samlokalisering av kraftverka i Sandalselva og Timbra er truleg betre enn å reise to bygningar. Men heller ikkje på dette punktet ser vi noko anna enn ein mindre installasjon i eit område som i dag er lite prega av menneskeskapte tiltak, med unntak for ein del planta gran.

Nei er eit balansert svar

Den nedre delen av Sandalselva er utnytta til kraftproduksjon frå før. Dette er ei langt mindre skadeleg utbygging enn den som det nå er søkt om. Å utnytte Sandalsfossen, og inngrepa både over og under vassfallet, er etter vår oppfatning minst like alvorleg som planen for Tvinna i

Stryn, der NVE av slo konsesjonssøknaden. Som inngrep i landskapet, økosystemet og med omsyn til opplevingsverdiane, er planen for Sandalsfossen ei av dei mest skadelege småkraftplanane vi har sett.

Søklarane hevdar at utbygginga vil gje inntekter til fallrettseigarane og kommunen, skape større aktivitet i bygda, styrke grunnlaget for gardsdrifta og gje 21 GWh fornyeleg energi. Det siste meiner vi kan ikkje vere noko argument all den tid dette landet har rikeleg med elektrisitet til eit forbruk som ikkje lenger veks. Vi er òg usikre på om utsiktene til styrka gardsdrift er noko som held vatn i lengda. Dersom grunneigarane får passive inntekter av eit kraftverk som går nesten utan vedlikehald, må det vere usikkert om mange i lengda finn grunn til å halde fram med ei lite innbringande gardsdrift. Vi dreg ikkje med denne utsegna i tvil at dagens eigarar har slike ambisjonar. Men dei har altså eit kraftverk som er i drift, og ingen har nokon rett til å utnytte maksimalt alt som i naturen kan gje klingande mynt. Heile konsesjonsordninga byggjer på den realiteten at ålmenta har legitime interesser i våre vassdrag, og ikkje berre dei som har eigedomsrett til fallenergien. I dette tilfellet står store naturverdiar for fall, og andre allmenne interesser (naturopplevingar) vert skadelindande i stor grad dersom søklarane skulle få konsesjon. Vi kan ikkje halde liv i bygdene ved å øydelegge naturen. Det er eit rimeleg og balansert svar at grunneigarane får nøye seg med å utnytte den nedre delen av elva i det eksisterande kraftverket, og la dei store verdiane lenger oppe vere intakte.

Tillegg om Timbra kraftverk

Naturvernforbundet uttalte seg ikkje til konsesjonssøknaden for Timbra. Dette er ei meir vanleg elv som går i stryk og mindre fossar. På den andre sida vert sjølve inngrepet tydeleg nok, ikkje minst over skoggrensa, og vassføringa blir redusert over ei lang strekning. Vi går i mot å gje konsesjon også for denne utbygginga. Timbra er ei sideelv til Sandalselva, og ein del av det same landskapet. Nokre elvar må få renne fritt, utan kraftverk, og denne inngangen til Jostedalsbreen må få vere i fred i det høgareliggende delane. Utanom det som gjeld sjølve fossen, er dei fleste argumenta mot Sandalsfossen kraftverk gyldige som innvendingar mot Timbra kraftverk.

Heller ikkje i denne saka er planendringane eigna til å dempe innvendingane i nemnande grad. Det er mogleg at ein felles kraftstasjon er betre enn to, dersom utgangspunktet er at utbygging skal komme. Men dei store skadane er ikkje sjølve kraftstasjonane, det er summen av dei negative konsekvensane som er problemet.

Oppsummert

- 1. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går mot å gje konsesjon til nye kraftverk i Sandalselva og Timbra. Sandalsfossen er eit av dei største vassfalla i Nordfjord, med eit stort område av den truga vegetasjonstypen fosseeng rundt botnen.*
- 2. Dei varsla planendringane reduserer ikkje skadane av inngrep i den spesielle naturen og dei negative effektane på opplevingsverdiane i denne inngangen til Svartebotnen og Jostedalsbreen nasjonalpark. Det vesentlege ved frie fossar er at vassføringa er naturleg, ikkje om vassføringa som vert fjerna er stor eller litt mindre.*
- 3. Sandalselva har eit kraftverk frå før. Å seie nei til dei to søknadene som nå ligg føre, er eit balansert svar der fallrettshavarane får utnytte noko av energien, men ikkje redusere kvalitetane i dei delane av vassdraga som har dei største kvalitetane for andre interesser.”*

Tilleggsutredninger

På bakgrunn av befaring og innkomne høringsuttalelser har NVE i brev av 5.6.2009 bedt Sandalsfossen Kraftverk (SUS) om følgende tilleggsutredninger:

”Det omsøkte prosjektet berører i stor grad allmenne interesser, særlig knyttet til landskapsopplevelse og en markert fosseeng ved foten av fossen. Vi ber derfor om at det utredes et redusert alternativ der inntaket plasseres i området rundt granplantefeltet nedstrøms Sandalsfossen. Vi vil samtidig be om beregninger av produksjon og kostnader for det reduserte alternativet og tilhørende tekniske data. Endelig ber vi om mer detaljerte beskrivelser av planene om samlokalisert kraftstasjon med omsøkte Timbra kraftverk.”

Søker har gitt uttalelse i brev av 20.6.2009. Vi refererer beskrivelsene av planlagt samlokalisering av kraftstasjon med Sandalsfossen kraftverk:

...

”Samlokalisering

Prosjektene har ulik fallhøyde og slukeevne, samlokaliseringen dreier seg derfor om å samle aggregatene under ett tak, med felles tilkomst, felles avløp og felles høyspentrom med nettilknytning. Kraftstasjonen vil ha to aggregat med to hovedtransformatorer, to bryteranlegg, to styring- og kontrollsystem. Ved samlokalisering av kraftverkene vil det være mest rasjonelt at driftsvannveien til Timbra kraftverk krysser både Timbervadelva og Vesleelva frem til kraftstasjonen. Kryssingen vil ikke medføre spesielle utfordringer, men arbeidet vil fortrinnsvis foregå på vintertid eller tidleg vår.

Ved samlokalisering vil begge kraftverkernes avløp ligge på ca kote 395.”

[...]

”Beskriving av fellesanlegg:

Adkomstveg til Sandalsfossen og Timbra kraftstasjon

Adkomsten til kraftstasjonen vil skje ved å forlenge eksisterende vei på vestsiden av Sandalelva ca 100 m via ny bru over Sandalelva frem til stasjonsområdet. Se skisse fig 1.

Bygg

Kraftstasjonen vil få en grunnflate på ca 100 m², inneholdende maskinsal, kontrollrom og høyspentrom. Bygget vil bli tilpasset lokal byggeskikk med møne og utvendig liggende trepanel.

Nettilknytning

Krafta vil bli ført frå delt samleskinne i kraftstasjonen vha felles ca 1100 m lang kabel som frå kraftstasjonen vil bli lagt i bakken frem til brue, opphengt under brua og deretter lagt i grøft langs eksisterende vei frem til 22 kV mast ved fylkesveien på Sandal.

Tabell 2 nedenfor viser data for elektriske anlegg

Sandalsfossen og Timbra kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR	Sandalsfossen	Timbra
Ytelse	5000 kVA	2800 kVA
Spenning	690 V	690 V
TRANSFORMATOR		

Ytelse	5000 kVA	2800 kVA
Omsetning	0,69/22 kV	0,69/22 kV

NETTILKNYTNING (kabler)

Lengde	1100 m
Nominell spenning	22 kV
Jordkabel	TSLF 3 x 1 x 240 AL

Tabell 2: Data for elektriske anlegg for de samlokaliserte kraftverkene.”

NVE har i e-post 11.9.2009 bedt Svartebotn villreinnemnd vurdere tiltakets konfliktgrad i forhold til villrein i Svartebotn villreinområde.

Sogn og Fjordane Villreinnemnd har gitt følgende uttalelse til utbyggingsplanene i brev av 6.10.2009:

”Uttale til konsesjonssøknadar for Sandalsfossen og Timbra kraftverk

Viser til e-post motteke 11.09.09 frå sakshandsamar i NVE, avdelingsingeniør Eirik Bjørkhaug, der Sogn og Fjordane villreinnemnd vert bede om å kommentere konfliktpotensiale for villrein i høve til utbygging av to småkraftverk som vil få inntaka sine innanfor Svartebotn villreinområde. Tiltaka vert kalla Sandalsfossen kraftverk og Timbra kraftverk og ligg i Gloppen kommune på sør-vestsida av villreinområdet. Dei aktuelle elvane har utløp i Sandalsvatnet.

Villreinnemnda ser på dette som eit høve til å lage ein høyringsuttale i etterkant av den formelle høyringa, då nemnda ikkje vart invitert inn i høyringsrunden i første omgang. Me meiner at to tekniske inngrep innanfor villreinområde bør få meir merksemd frå nemnda enn ein høvesvis uformell kommentar. Konsesjonssøknadane nemner ikkje tilhøvet til villrein. Villrein er heller ikkje nemnd i fagrapporten om konsekvensar for biologisk mangfald. Dette ser me på som ein uheldig ignorering av eit viktig forvaltningsmessig tema. Villreinnemnda vil be om at villreinen sin bruk (evt. fråver av bruk) av det aktuelle området vert skriftleg dokumentert, og at moglege verknadar for villrein vert lagt inn som eit viktig element i konsekvens-vurderingane av dei omsøkte tiltaka.

Dei to planlagde inngrepa er av lik karakter. Dei ligg høvesvis nær kvarandre, og moglege konsekvensar for villrein er samanfallande. Me vel difor å sjå dei to prosjekta under eitt.

Politiske føringar

Villreinstamma i Svartebotn villreinområde er liten (bestandsmål 50 dyr), og har tilhald på eit, i villrein samanheng, svært lite areal. Det er difor viktig å verne om villreinområdet og unngå at det vert ”spist opp” av inngrep frå kantane. ”Bit for bit” utbygging av fjellområde med villrein er i dag reinen sitt største trugsmål (Villrein og Samfunn, NINA temahefte 27, 2004). Eit teknisk inngrep i fjellet kan senke terskelen for å gjere yilegare inngrep. Området vil få mindre preg av å vere urørt, noko som kan nyttast som argument i nye søknadar om inngrep som igjen kan gje auka ferdslé. Ein konsesjon som medfører inngrep i villreinområdet kan og skape presedens som vil auke presset på å tillate liknande tekniske inngrep i andre randområde til villreinområdet. Det er eit nasjonalt politisk mål å bevare villreinen sine leveområde (St.meld.nr. 21, 2004-2005 Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand).

Villreinfaglig vurdering

Me har ikkje tilgjengeleg kartmateriale som syner villreinen sin arealbruk i ulike periodar i Svartebotn (kalvingsområde, vår- og sommarbeite, trekkveggar og vinterbeite). Kunnskap om dette baserar seg difor på erfaringar frå lokalkjende med interesse for- og kunnskap om villrein. Dei planlagde tiltaka vil, etter det villreinnemnda kjenner til, ikkje berøre viktige funksjonsområde for villreinen i Svartebotnområdet. Områda vert nytta tilfeldig, og då på seinsommar/haust, gjerne under jakta, då dyra kan vere pressa og trekker lettare enn elles. Det vert sjeldan observert dyr nedanfor fjellstølane Sandalsstøylene og Fossheimstøylene, som ligg eit lite stykke ovanfor dei to respektive inntaka.

Villreinstamma i Svartebotnområdet vert av både jegerar og oppsyn oppfatta som lite sky. Dyra har korte fluktavstandar og kryssing av veg og område med menneskeleg ferdsle (skiløyper/skianlegg) verker å vere langt mindre problematisk enn tilfellet er for større villreinstammer.

Det er liten kunnskap kring kva verknad inntak for småkraftverk har på villrein. Faste installasjonar (truleg med unnatak av vegar og kraftlinjer) har mindre verknad på reinen sin åtferd enn menneskeleg ferdsle. Det vil ikkje verte demt opp noko større vatn, og tiltaket vil ikkje verte til hinder for passering av området for villrein på trekk.

Det vil vere mogleg å gjennomføre anleggsarbeidet i periodar då området er minimalt nytta av villrein.

Med bakgrunn i dette ser villreinnemnda på faren for auke av menneskeleg ferdsle innover i villreinområdet som den største direkte konflikten tiltaka evt. kan føre med seg. Denne faren er vurdert som høvesvis liten. Det vil ikkje verte bygd nye vegar inn i området som følgje av tiltaka. Ved Timbra elva vil eksisterande traktorveg verte oppgradert til anleggsveg.

Avbøtande tiltak

Dersom det vert gjeve konsesjon bør ein krevje at utbyggjar tek særskilt omsyn til villrein:

Det vil vere vesentleg at anleggsvegen ikkje vert opna for personbilar, og at han ikkje vert oppgradert i høve til dagens standard lengre inn i fjellet enn det som er naudsynt i høve til kraftutbygginga.

For å unngå konflikt i anleggsperioden bør anleggsarbeidet gjennomførast i periodar då reinen ikkje nyttar området, det vil i det aktuelle området seie så tidleg som mogleg i barmarksesongen (unngå seinsommar og haust).”

[...]

”Vedteken uttale:

Sogn og Fjordane villreinnemnd ser det som uheldig å etablere nye tekniske inngrep i villreinområdet. Me har gjennom kontakt med lokale informantar frå både grunneigar og forvaltersida likevel ikkje funne at det konkrete tiltaket kan få vesentlege skadeverknadar for villreinstamma i Svartebotnområdet.

Me vil be om at søknaden får eit vedlegg som dokumenterar i kva grad villreinen nyttar det aktuelle området, og om det finnast bestemte tidpunkt på året der det kan oppstå konflikt i både anleggsfasen og i driftsfasen. Det vil vere viktig å kunne etterprøve kunnskapsgrunnlaget for den avgjerla som vert teken av forvaltingsmynda i saka.

Dersom tiltaka skulle bli tildelt konsesjon(ar) lyt utbyggjar(ane) verte pålagt å ta særskilt omsyn til villrein, mellom anna punkta i avsnitt om avbøtande tiltak nemnd i villreinnemnda sin uttale.”

...

”Kjelder:

Reidar Sandal (gr. eigar, formann i villreinutvalet; Svartebotn villreinlag)

Olav Årdal, sekretær i villreinutvalet; Svartebotn villreinlag

Ola Bergheid (Breim jakt og fiskelag)

Jarle Hervik (tidlegare skogbrukssjef i Gloppen kommune)

Harald Kjær (utmarksforvaltar, Gloppen kommune)

Sjur Atle Austrheim (jaktoppsyn i Svartebotn villreinområde)

Olav Ø. Skåden (tidl. leiar i rådet for Svartebotn villreinlag)”

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Søkeren er et selskap under stiftelse (Timbra Kraft SUS) som ved en ev, konsesjon vil hete Timbra Kraft AS. Selskapet er eid av grunneierne som har fallrettigheter i prosjektet.

Om søknaden

Timbra Kraft (SUS) søker om følgende tillatelser:

- Etter vannressursloven jf. § 8, om tillatelse til å bygge Timbra kraftverk.
- Etter energiloven om tillatelse til bygging og drift av Timbra kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknad.

Kraftverket vil være et rent elvekraftverk med inntak på kote 750 og utløp på kote 405. Kraftverket vil utnytte et nedbørfelt på 6,0 km². Restfeltet mellom inntak og kraftstasjon utgjør 0,25 km². Middelvannføringen i vassdraget er 582 l/s og alminnelig lavvannføring er beregnet til 19 l/s. Kraftverket er planlagt med en maksimal slukeevne på 873 l/s og en minste slukeevne på 44 l/s. Beregnet produksjon er 9,4 GWh i et midlere år. Det er i søknaden foreslått en minstevannføring på 50 l/s. Det er på bakgrunn av uttalelser under høringsperioden lagt fram en endring i utbyggingsplanene for Timbra kraftverk og det samtidig omsøkte Sandalsfossen kraftverk. De foreslår der en minstevannføring i perioden 1. juli – 31. august på 290 l/s. En økt minstevannføring i denne perioden vil redusere produksjonen med ca. 0,75 GWh i et midlere år. Resten av året foreslår de minstevannføring på 50 l/s. Dersom det blir gitt konsesjon til begge kraftverkene vil tiltakshaverne samlokalisere kraftverksaggregatene i samme kraftstasjonsbygg.

Beskrivelse av området

Det planlagte kraftverket vil utnytte en fallstrekning i Timbervadelva, som er en sideelv til Sandalselva i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane. Vassdraget er en breelv som har sitt utspring fra Myklebustbreen som utgjør en stor del av nedbørfeltet og er en del av Jostedalsbreen nasjonalpark som ligger ca. 2,5 km øst for inntaksområdet. Planlagt utnyttet strekning går fra kote 740 til kote 405. Det foreligger et alternativ med samlokalisering av kraftstasjon med planlagte Sandalsfossen kraftverk på kote 395.

Berggrunnen i området består hovedsakelig av dyppergarten kvartsmonzonitt, stedvis omdannet til augnegneis. Området mellom planlagt inntak og kraftstasjon består hovedsakelig av skredmateriale og breelvavsetninger i øvre del. Svartebotnområdet har flere endemorener fra Yngre Dryas som er vurdert som nasjonalt viktige, og planlagt inntak ligger i ytre avgrensning av dette området.

Lauvskog dominerer med gråor-heggeskog i nedre del, blåbærbjørkeskog i øvre del med et større innslag av småbregneskog av fjellskogutforming i overgangen til snaufjellet. Det er noen mindre granplantefelt i nedre del av området.

Myklebustbreen og Svartebotnen inngår i et stort sammenhengende inngrepsfritt naturområde som er verdsatt som nasjonalt viktig.

Grunnet de mange breene i nedbørfeltet vil vannføringen i elva være høy i tørkeperioder om sommeren og gi stabile fuktighetsforhold. Det er ikke funnet rødlistearter, men det er gjort funn av mange fuktighetskrevende lav- og mosearter. I følge miljørapporten er ingen av disse særlig sjeldne. Det vises likevel til funn av raudmuslingmose som bli regnet som en middels bra signalart på stabilt fuktige miljø. Det er gjort noen få funn av lungeneversamfunn. Det er i følge miljørapporten ikke særlig stort potensial for funn av rødlistede lav- og mosearter.

Det er observert fossefall og det er sannsynlig at ett par hekker på utbyggingsstrekningen. Det finnes bekkørret i vassdraget.

Det er flere turstier i området og nedre del av tiltaksområdet er et viktig utgangspunkt for turer til Svartebotn, Myklebustbreen og Jostedalsbreen. Det går en traktorvei til Fossheimstøylen og flere stier til Sandalsstøylen og mellom stølene. Det går også en sti inn til foten av Sandalsfossen.

Eksisterende inngrep i vassdraget

Området ovenfor planlagt utbygd strekning er i stor grad preget av urørt natur. Planlagt inntak ligger ca. 2,5 km unna Jostedalsbreen nasjonalpark, og store deler av nedbørfeltet ligger innenfor nasjonalparkgrensen. Timbervadelva er en mindre sideelv til Sandalselva. Det er bygget ut et mindre kraftverk i Sandalselva med inntak like nedenfor samløpet med Timbervadelva. Det er planer om et kraftverk som skal utnytte fallet i Sandalsfossen lenger oppe i Sandalselva. Det går en traktorvei fra bygda og opp til Fossheimstøylen. Denne er i konsesjonssøknaden planlagt nyttet som anleggsvei og rørgata er i hovedsak tenkt lagt langs denne veien. Det er mange turstier i området, og Myklebustbreen er et populært turmål. Litt ovenfor planlagt inntak ligger Fossheimstøylen som sammen med Sandalstøylen tidligere har vært nyttet i forbindelse med tradisjonell seterdrift. I nedre del av tiltaksområdet er det flere mindre granplantefelt, men treslaget er på ingen måte dominerende i området.

Teknisk plan

Reguleringer og overføringer

Det planlagte kraftverket er et rent elvekraftverk uten reguleringsmagasin eller overføringer.

Inntak

Inntaket vil bli lagt på kote 750. Det vil bli bygget en løsmasseterskel som vil bli plastret med naturstein. Dammen vil få en høyde på 3 meter og en bredde på 12 meter. Det neddemte arealet vil utgjøre ca. 500 m² med et vannvolum på ca 700 m³.

Rørgate

Rørgaten planlegges med en lengde på ca. 1300 m og en diameter på 700 mm. Den vil bli nedgravd og plassert langs Timbervadelvas sørside og i størst mulig grad forsøkt plassert langs eksisterende vei. Enkelte partier av rørgatetraseen må sprenges, og der rørgata ikke følger eksisterende vei må det etableres en ca. 750 m lang vei som i følge søker vil bli en 3 meter bred midlertidig vei med et ryddebelte på ca. 6 meter.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen plasseres på kote 405 ved samløpet med Sandalselva og vil bli bygget med mønetak og tilpasset lokal byggeskikk. Bygget vil få et grunnareal på ca. 60-80 m². Det skal installeres en peltonturbin med effekt på 2,5 MW. Største og laveste slukeevne er henholdsvis 873 l/s og 44 l/s. Dersom både Timbra kraftverk og Sandalsfossen kraftverk får konsesjon vil de samlokalisere aggregatene i et kraftstasjonsbygg på kote 395.

Elektriske anlegg

Kraftverket vil bli installert med en generator på 2,8 MVA og en spenning på 0,69 kV. Transformatoren får en ytelse på 2,8 MVA og en omsetning på 0,69/22 kV. Kraftverket er i søknaden planlagt knyttet til eksisterende 22 kV med en ca. 800 m lang kabel. Det vil bli en 100 m lang luftlinje fra kraftstasjonen og over Sandalselva og deretter en 700 m lang jordkabel fram til eksisterende kraftstasjon ved Sandalselva. Søker har vært i dialog med SFE Nett som er områdekonsesjonær for det aktuelle linjenettet hvor tilknytning er planlagt. Søker har på NVEs forespørsel under sluttbefaring påpekt at det er mulig å krysse elva med jordkabel i det aktuelle området.

NVE har mottatt et brev fra Statnett SF av 1.4.2009 der de opplyser om begrenset ledig kapasitet i sentralnettet mellom Ørskog og Aurland inntil linjen mellom Ørskog og Fardal kommer i drift. Brevet er sendt på vegne av Statnett SF, Istad Nett AS og SFE Nett AS i felleskap og de ber om at konsesjonsbehandlingen av omsøkt ny småkraftproduksjon ikke utsettes, men at eventuelle konsesjoner gis med forbehold om at nettilknytning først kan skje etter at det kan dokumenteres tilstrekkelig nettkapasitet

Veier

Eksisterende stølsveg vil bli nyttet både som anleggsvei og permanent adkomstvei til inntaket. Det vil bli bygget en midlertidig anleggsvei på ca. 100 meter fra stølsveien og fram til inntaket. Vegetasjonsdekket vil bli tatt vare på og lagt tilbake etter avsluttet utbygging. I endringsmeldingen foreslår tiltakshaver å benytte beltegående kjøretøy i stedet for å bygge en midlertidig anleggsvei. Der rørgata ikke følger eksisterende vei må det etableres en 750 m lang og 3 meter bred, midlertidig anleggsvei langs rørgatetraseen som i følge søker vil få et ryddebelt på ca. 6 meter. Det vil bli bygget en 200 meter lang permanent adkomstvei til kraftstasjonen.

Massetak og deponi

Tiltaket vil etter søkers vurderinger ikke ha behov for uttak eller deponering av masser.

Hydrologiske virkninger

Timbra kraftverk vil utnytte et nedbørfelt på 6 km². Timbervadelva får størstedelen av sin vannføring fra smeltevann fra Myklebustbreen. Vannføringen er derfor preget av høye sommervannføringer med stabilt lave vintervannføringer. Middelvannføringen ved inntaket er 582 l/s, og alminnelig lavvannføring er beregnet til 19 l/s. Kraftstasjonen er planlagt med maksimal slukeevne på 873 l/s, noe som tilsvarer 150 % av middelvannføringen. Minste slukeevne er oppgitt til 44 l/s og utgjør 7,6 % av middelvannføringen. 5 persentil sommer- og vintervannføring er beregnet til henholdsvis 292 l/s og 11 l/s.

Med en maksimal slukeevne på 150 % vil kraftverket kunne utnytte ca. 60 % av tilgjengelig vannmengde gjennom året. Resterende vannmengde passerer forbi inntaket i form av overløp, minstevannføring og vannføringer mindre enn minste slukeevne som medfører stopp i kraftverket.

Restfeltet mellom inntak og kraftstasjon er på ca. 0,25 km² og bidrar med en restvannføring på 14 l/s på årsbasis beregnet ved kraftstasjonen.

Deler av nedbørfeltet er felles med Vesleelva, og det er gjort en vurdering av søker der ca. 80 % av dette delfeltet på 1,5 km² drenerer til Timbervadelva. Endringer mellom fordelig av vannføring mellom Vesleelva og Timbervadelva vil kunne få utslag på tilsiget til inntaket til Timbra kraftverk. Det vil imidlertid dreie seg om naturlige endringer. Det kan også være usikkerhet til nedbørfeltets grenser i Myklebustbreen da disse grensene også kan endre seg naturlig over tid. Vi finner likevel det hydrologiske grunnlagsmaterialet til å være tilstrekkelig for å kunne vurdere produksjon og miljøvirkninger i Timbervadelva.

I et middels år vil naturlig vannføring være mindre enn laveste slukeevne (44 l/s) i 257 dager og større enn største slukeevne (873 l/s) i 11 dager. I et tørt år vil naturlig vannføring være mindre enn laveste slukeevne i 322 dager og større enn største slukeevne i 8 dager. I et vått år vil naturlig vannføring være mindre enn laveste slukeevne 247 dager og større enn største slukeevne i 67 dager.

Produksjon og kostnader

Tiltaket vil etter søkers beregninger gi en årlig produksjon på 9,4 GWh i et midlere år. Dette fordeler seg på sommer- og vinterkraft med henholdsvis 7,79 GWh og 1,61 GWh. Utbyggingskostnadene er beregnet til 2,22 kr/kWh ved en utbygging slik som beskrevet i søknaden. Kostnadsoverslaget er basert på prisnivået i 2007. Med økt minstevannføring som foreslått i endringsmeldingen vil kraftverket etter søkers beregninger gi en årlig produksjon på 8,65 GWh i et midlere år fordelt på sommer- og vinterkraft med henholdsvis 6,94 GWh og 1,71 GWh. Utbyggingskostnadene er beregnet til 2,43 kr/kWh.

NVE har kontrollert de fremlagte beregningene over produksjon og kostnader. Vi har ikke fått vesentlige avvik i forhold til søkers beregninger. Det vil likevel være søkers ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsomheten i prosjektet.

Arealbruk og eiendomsforhold

Selve kraftstasjonen og inntaksdammen vil legge beslag på henholdsvis 60-80 m² og ca. 500 m². Totalt vil kraftstasjonsområdet og inntaksområdet legge beslag på henholdsvis 2000 m² og 1000 m². Areal krav til rørgata vil være av midlertidig karakter. Det vil bli bygget en 200 meter lang permanent vei til kraftstasjonen. Denne vil legge beslag på ca. 3000 m². Luftlinjen vil legge beslag på ca. 100 m².

Alle berørte areal og fallretter eies av:

Grete Janne Fossheim Gnr. 96 Bnr. 1 og 6.

Nils Kåre Fossheim Gnr. 96 Bnr. 2 og 3.

Kåre Kussild Gnr. 96 Bnr. 4.

Trygve Fossheim Gnr. 96 Bnr. 5.

Nils Ivar Fossheim Gnr. 96 Bnr. 7.

Følgende eiendommer blir berørt i forbindelse med nettilknytning:

Jostein Bergheim Gnr 95 Bnr. 1.

Nils R. Sandal Gnr. 95 Bnr. 2.

Else Løkke og Geir Vie Gnr. 95 Bnr 3, 6 og 8.

Reidar Jarle Sandal Gnr. 95 Bnr 4.

Nils H. Sandal Gnr. 95 Bnr. 5.

Roger Jan Støyva Gnr. 95 Bnr. 7

Timbra Kraft AS vil inngå de nødvendige avtaler med grunneierne ved en ev. konsesjon.

Forholdet til offentlige planer

Kommuneplan

Utbyggingsområdet er plassert i kategorien LNF-område i kommuneplanens arealdel. Søker er selv ansvarlig for at forholdet til arealplanen blir avklart dersom det blir gitt tillatelse til utbygging.

Samlet plan (SP)

I St.meld. nr. 63 (1984-85) ble en utbygging av Sandalsfossen med overføring av to elver fra Fossheim plassert i kategori I (gr. 5). Timbervadelva er en av disse elvene. I St.meld. nr. 53 (1986-87) ble prosjektet flyttet til kategori II (gr. 10) pga. at kommunen ikke ønsket utbygging. Dette gjaldt også andre små kraftverk i Breimsvassdraget da kommunen mente en utbygging av en rekke små kraftverk vil virke uheldig i miljømessig sammenheng.

I 2000 ble det sendt inn søknad om unntak fra Samlet plan for å utnytte det nedre fallet i Sandalselva, som i dag er utbygd i Sandal og Fossheim kraftverk. NVE ba samtidig om en vurdering om det fremdeles var lokal motstand mot det eksisterende prosjektet i Samlet plan. Fylkesmannen mente at det fremdeles var lokal motstand mot eksisterende prosjekt i Samlet plan, og DN fant ikke grunn til å anbefale flytting.

Omsøkt prosjekt er ikke tidligere behandlet i samlet plan og er under nåværende gjeldende grenser for behandling i samlet plan.

Prosjektet er noe endret i forhold til SP-prosjektet, og er etter vårt syn en miljømessig bedre løsning ved at overføringen unngås. Ressursutnyttelsen er samtidig ikke vesentlig endret. NVE anses derfor ikke å være forpliktet til å avgi innstilling til OED i denne saken, jf. § 22 i vannressursloven, men kan selv fatte vedtak.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget inngår ikke blant de vassdrag som er vernet.

Inngrepsfrie områder (INON)

Tiltaket berører i følge søker ikke inngrepsfrie naturområder. Traktorveien som allerede er bygd til Fossheimstøylen har medført tap av INON i det aktuelle området og en utbygging vil trolig ikke medføre ytterligere tap i nevneverdig grad. Dersom man tar utgangspunkt i den lovlig bygde veien vil tap av INON utgjøre en mindre ikke tallfestet del av det resterende inngrepsfrie området på Myklebustbreen.

Nasjonale laksevassdrag

Utbyggingen berører ikke nasjonale laksevassdrag.

Andre verneområder

Tiltaket ligger ca. 2,5 km fra Jostedalsbreen nasjonalpark.

Uttalelser til søknaden

Søknaden er behandlet etter reglene i kapittel 3 i vannressursloven. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vært sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjoner, samt berørte parter for uttalelse. NVE var på befarings i området den 27.5.2009 sammen med

representanter fra Gloppen kommune, fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Midtre Nordfjord Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Breim Bygdeutviklingslag, representanter fra Timbra Kraftverk SUS, representanter fra Sandalsfossen Kraftverk SUS og konsulent fra Sogn og Fjordane Energi. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkeren for kommentar.

Gloppen kommune har ingen innvendinger mot at det blir gitt konsesjon for bygging av Timbra kraftverk og gir samtidig dispensasjon fra byggeforbudet i LNF-området i kommuneplanen. De mener videre at fordelene er større enn ulempene for allmenne interesser, men mener likevel at det bør vurderes en høyere minste vannføring enn først omsøkt. Tiltaksområdet er innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark. Det må derfor legges stor vekt på miljøtiltak, og utforming og drift av inntaket må utføres på en forsvarlig måte.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM) mener at en bygging av Timbra kraftverk er i stor konflikt med nasjonale og regionale verneverdier og landskaps- og friluftsinnteresser. Området er viktig for friluftsliv sommer og vinter, henger sammen med Jostedalsbreen nasjonalpark og er den mest brukte innfallsporten til nasjonalparken. Timbervadelva er et viktig landskapselement langs stien inn til breen. FM peker på at det er observert fossefall på utbyggingstrekningen og at tiltaket ligger innenfor Svartebotn villreinområde. Forholdet til geologi og INON er ikke avklart. Beregning av INON må ta utgangspunkt i den delen av veien som er lovlig bygd. FM vurderer konfliktene som noe mindre enn for Sandalsfossen kraftverk, men mener likevel at Timbra kraftverk er i stor konflikt med allmenne interesser og at fordelene ikke vil veie opp for de negative konsekvensene for nasjonale og regionale interesser. FM anbefaler at det ikke blir gitt konsesjon for Timbra kraftverk.

FM har opphevet Gloppen kommunes vedtak om dispensasjon fra LNF-formålet i arealdelen i kommuneplanen for bygging av Sandalsfossen kraftverk og Timbra kraftverk. Kommunen må i følge FM ta saken opp til ny behandling i tråd med saksbehandlingsreglene.

Sogn og Fjordane fylkeskommune anbefaler at det blir gitt konsesjon på grunn av at nytten blir vurdert til å være større enn ulempene og at kraftverket vil styrke næringsgrunnet lokalt. Det må i følge fylkeskommunen vurderes en noe høyere minste vannføring enn det som er omsøkt, og siden området er innfallsport til nasjonalparken må det legges stor vekt på miljøtiltak og utforming ved en ev. konsesjon.

Statens vegvesen – Region vest påpeker at søknaden ikke omtaler avkjøring fra fylkesveien og at det må søkes om godkjent avkjøringsavtale dersom det er planer om ny avkjøring.

